



Årsrapport for HiSF (2014 – 2015)



Godkjent av Styret
for Høgskulen i Sogn og Fjordane
12. mars 2015

Innhald

| | |
|---|-----|
| I. Styret si årsmelding..... | 5 |
| II. Introduksjon av verksemda og hovudtal | 9 |
| III Årets aktivitetar og resultat..... | 13 |
| A: Resultatrapportering for 2014 | 13 |
| IV. Styring og kontroll i verksemda | 39 |
| A: Overordna vurdering | 39 |
| B: Likestilling, diskriminering og tilgjenge | 41 |
| C: Auke av tal lærlingar i statsforvaltninga | 42 |
| D: Samfunnssikkerheit og beredskap..... | 42 |
| E: Fellesføring 2014: Redusere og fjerne tidstjuvar i forvaltninga..... | 42 |
| V. Vurdering av framtidsutsikter | 43 |
| A: Planar | 43 |
| B: Utdanningskapasitet..... | 72 |
| C: Større investeringsprosjekt | 73 |
| VI Årsrekneskap..... | 74 |
| A: Leiarkommentarar til rekneskapen pr. 31.12 2014 | 74 |
| B: Resultatregnskap | 80 |
| Vedlegg: Rapport og planar 2014-15..... | 105 |



I. Styret si årsmelding

HiSF framover

Strukturdebatten har vore den klart viktigaste saka i universitets- og høgskulesektoren det siste året. Ved Høgskulen i Sogn og Fjordane har struktursaka stått på dagsorden sidan mai i år. Internt har saka vore tema på tre styremøte og eitt styreseminar, ei rekkje leiarmøte og -samlingar og personalmøte. Ei arbeidsgruppe med rektor, dei to viserektorane og ein sakshandsamar har hatt ansvaret for framdrifta i saka. Saka har vore behandla i Rådet for samarbeid med arbeidslivet, og drøfta med sentrale politikarar i fylket, dei relevante kommunane og med «Stortingsbenken» for Sogn og Fjordane.

Dekanane har i tillegg hatt dialog med sine samarbeidspartar og gitt innspel til rektor. Det har òg vore separate møte om struktursaka mellom leiinga ved HiSF og leiinga ved Høgskulen i Volda, Høgskolen i Bergen (HiB) og Universitetet i Stavanger (UiS). I tillegg har det vore tett dialog med leiinga ved Høgskolen Stord Haugesund (HSH) og Universitetet i Bergen (UiB). Saka har dessutan vore hovudsak på tre styremøte i UH-nett Vest. Rektor har også delteke på eit møte som rektor ved NTNU inviterte til, for å drøfte teknologiutdanningane i Noreg og i eit møte med Kunnskapsdepartementet om struktursaka som medlem av styret for Universitet og høgskolerådet (UHR).

Vårt standpunkt er at Høgskulen i Sogn og Fjordane skal halde fram som sjølvstendig høgskule. Fram mot 2020 skal HiSF utviklast til å verte ein sterk, fagleg god og sjølvstendig høgskule, som i nært fagleg og administrativt samarbeid med andre høgskular og universitet, og i samverke med samfunns- og arbeidslivet i regionen vår, skal gje framifrå undervisning og utføre relevant forskning av høg kvalitet. Dette er i samsvar med strategiplanen til HiSF som styret vedtok i juni i år.

Vidareføring av lokal autonomi er etter vårt syn ein føresetnad for å realisere ønska strategisk profil. Vi har vanskeleg for å sjå at satsinga på høgare utdanning og forskning i vår region vil ha meir kraft og større relevans og effekt, dersom studiestadane Sogndal og Førde skal vidareutviklast, styrast og leiast frå Oslo eller Bergen. Dette er ei viktig grunngeving for vårt primære standpunkt om framhald som sjølvstendig institusjon i nært samarbeid med andre UH-institusjonar.

Overordna vurdering av dei samla resultat, ressursbruk og måloppnåing for året

Høgskulen i Sogn og Fjordane er inne i ei positiv utvikling. Denne utviklinga har halde fram også i 2014.

Funksjonelle bygg både i Sogndal og Førde har auka attraktiviteten vår både for studentar og tilsette. Avtalen med Sogn og Fjordane Fylkeskommune om kjøp av Gymnasbygget vart underteikna i oktober. Det vil seie at HiSF no er i gang med tredje byggjesteget i Sogndal. Det er venta at innflytting i Gymnasbygget kan skje i august 2018.

Høgskulen har hatt jamn og god auke i studentrekrutteringa i mange år. Rekordåret var i 2013 med heile 1.576 søkjarar, noko som representerte meir enn ei dobling av søkjartalet på fem år. Frå 2013 til 2014 blei søkjartalet redusert noko, vesentleg som følgje av deltidstilbod som har opptak annakvart år. Den gode rekrutteringa gav som resultat at studenttalet hausten 2014 (3.877 studentar) er det høgste nokon gong ved Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Som tidlegare har vi studentar som i stor grad lukkast i utdanningane sine. På bachelornivå er gjennomføring på normert tid langt over gjennomsnittet, og i den absolutte landstoppen når vi jamfører med samanliknbare institusjonar. Gjennomføringa på masterprogramma er også bra

jamført med landsgjennomsnittet, men her kjem vår høgskule dårleg ut i offisielle statistikkar som følgje av at nokre av kandidatane får vitnemål tildelt frå andre institusjonar.

Tal uteksaminerte gradskandidatar i 2014 er det høgste nokon gong.

Også i år kjem Høgskulen i Sogn og Fjordane godt ut av den nasjonale studiekvalitetsundersøkinga studiebarometeret.no, som NOKUT har gjennomført for andre gong. Dette viser at studentane ved høgskulen i stor grad er nøgde med studiekvaliteten.

Studentane ved HiSF er gjennomgåande meir nøgde enn landssnittet, og på fleire utdanningsprogram er vi i den absolutte landstoppen. Studiebarometeret inneheld mykje informasjon som vi nyttar aktivt i arbeidet med å utvikle studiekvaliteten.

Hausten 2014 evaluerte NOKUT høgskulens system for kvalitetssikring av utdanningane. I den førebels rapporten etter evalueringa heiter det i konklusjonen: «Kvalitetskulturen og deltakinga i kvalitetsarbeidet ved Høgskulen i Sogn og Fjordane synest å vere svært god. (...) Alle komiteen møtte, verka å vere opptatt av kvalitetsarbeid, og var nøgd med tilveret ved høgskulen.» Den sakkunnige komiteen gir ei rekkje innspel til korleis vi kan vidareutvikle denne kvalitetskulturen og det systematiske arbeidet med sikte på å nå høgste kvalitet i utdanningane våre. Komiteen tilrår at system for kvalitetssikring ved Høgskulen i Sogn og Fjordane vert godkjend.

I samsvar med ny strategiplan har høgskulen arbeidd med å utvikle mastergradstilbod på dei viktigaste utdanningsområda våre. I 2014 har vi arbeidd vidare med sikte på masterprogram innan naturfag, økonomi og administrasjon og med målsetjing om å tilby femårig lærarutdanning.

Eksterne inntekter har vore aukande i HiSF dei siste åra, og har også auka i 2014 samanlikna med fjoråret. Inntekter frå Noregs forskingsråd har auka dei siste åra, og er no på eit stabilt høgt nivå. Det tyder på at kompetansen vår er både relevant og etterspurd. Vi har to store forskingsoppdrag finansiert av NFR, og vi fekk i 2014 tilslag på eitt nytt stort forskingsprosjekt innan fornybar energi.

Publiseringsindeksen har vore aukande dei siste åra, og i 2014 ser resultatata svært gode ut med ein vesentleg auke frå 2013, som var eit mindre godt år. Talet på publiseringspoeng ligg no an til å verte rundt 70, det vil seie 0,33 publiseringspoeng per fagtilsett. Denne auken er venta å halde fram dei neste åra, særskilt gjennom dei store forskingsrådsprosjekta som no er sette i gang.

Overordna framstilling av dei viktigaste prioriteringane for året

Styret vedtok våren 2014 ein ny strategisk plan for høgskulen for perioden 2014-2018. Planen blei utarbeidd med bakgrunn i ei svært positiv utvikling for HiSF. Styret meiner at godt langsiktig arbeid i HiSF med prioritet til å utvikle relevante studietilbod, vektlegging av studiekvalitet og tilrettelegging for å skape gode og attraktive fagmiljø, har mykje å seie.

Samstundes er omdømet til høgskulen viktig. Sunt samspel med omgjevnadane er avgjerande og har høg prioritet.

Høgskulen sine kjerneverdier er: «Kompetent, aktiv og tett på». Verdiane uttrykkjer det vi står for. "Sikt høgare" er visjonen, som viser at høgskulen har store ambisjonar og siktar mot å verte betre på alle felt. Særleg skal utdannings- og forskingskvaliteten styrkast. Vi skal ha ein velfungerande organisasjon med høg kompetanse.

HiSF si hovudoppgåve er å utdanne studentar som lukkast og å utvikle forskning som kan medverke til endringar i samfunnet.

Vidare vert det arbeidd med ein ny strategiplan for fou for perioden 2015-2020 basert på den nye strategiplanen for HiSF. Målsettingane er:

- Høg vitenskapleg publisering med 0,5 publiseringspoeng per fagstilling i 2020
- Del tilsette med førstekompetanse/toppkompetanse er 50 pst. i 2018, og samstundes fleire med toppkompetanse og fleire stipendiatstillingar
- PhD-utdanning; utgreiing innan 2018, og etablert PhD-utdanning innan 2020
- Sterke forskingsmiljø og forskingsgrupper med høgt tilslag av ekstern finansiering i NFR og vesentleg aktivitet mot EU i 2020
- Framifrå forskingsbasert undervisning (i 2018)
- Målretta kompetanseoppbygging (i 2018)
- Styrka internasjonalisering og auka mobilitet (i 2018)

I desember 2014 vedtok styret å gå inn med kr 6,5 millionar som eit tilskot til SISOF for å realisere prosjektet med utbygging av studentbustader i Nedrehagen. Nedrehagen er i dag parkeringsplass, og ligg rett over elva frå Høgskulebygget. SISOF har jobba det siste året med å få til eit nytt studentbygg med 150 nye bustader og 180 parkeringsplassar i to plan. Kapasitetsauken på parkeringsplassar vil kome tilsette og studentar ved høgskulen til gode.

I samband med Årsrapport 2014-2015 vil styret særleg leggje vekt på:

- HiSF har ei brei fagleg portefølje som dekkjer viktige kompetansebehov. Samstundes dekker denne viktige kompetansebehov. Dei aller fleste studia har no god søknad. Kvalitetssikring og utvikling av eksisterande studietilbod vil bli prioritert høgre enn ekspansjon.
- HiSF held fram med å auka ressurstilførselen til fou-verksemda i samsvar med ny strategiplan
- Det er innført stipendordningar med sikte på å gje aktive forskarar betre arbeidstilhøve for å drive fou-arbeid, og betre vilkår for å kunne kvalifisere seg til førstestillingar og til professor- og dosentstillingar.

Kort omtale av sentrale forhold, interne og ekstern, som har hatt innverknad på oppnådde resultat

Styret vart valt/oppnemnt frå 1. aug. 2011 og er inne i fjerde året av styreperioden.


Styret har hatt to styreseminar i 2014, der tema var strukturdebatt og fou-strategi.

Det vert årleg laga rapport om utdanningskvalitet med analyse av utdanningskvaliteten. Analysen byggjer på ei årleg kandidatundersøking, undersøkingar av kor nøgde studentane er og data om opptak og inntakskvalitet. Rapport om utdanningskvalitet vert handsama av høgskulen sitt utdanningsutval og lagt fram for styret med tilråding om handlingsplan og budsjettmessige prioriteringar. Strategisk plan for utdanning er under arbeid.


Det er i 2014 utarbeidd eit utkast til ny intern ressursfordelingsmodell som blei førande for 2015- budsjettet. Modellen tek i større grad omsyn til finansieringskategoriane, og vil bli vidareutvikla i samband med ny nasjonal finansieringsmodell for universitet og høgskular.

Med stor auke i aktiviteten i høgskulen, ser vi at tilsette legg ned ein stor innsats. Forholdet mellom tal tilsette og studentar er høgt samanlikna med andre høgskular. Samstundes ser vi at sjukefråværet går ned i 2014. Tilbakemeldingar om at både tilsette og studentar trivst ved høgskulen gjer at vi har gode føresetnader for vidare fagleg utvikling.

Sogndal, 12. mars 2015




Heidi-Kathrin Osland
Styreleiar




Olav Grov
Styremedlem


Liv Horvei
Styremedlem



Olav Refsdal
Styremedlem



Liv Synnøve Bøyum
Styremedlem
(tilsettrepresentant)




Frode Olav ~~Hara~~ Haara
Styremedlem
(tilsettrepresentant)



Geir Kåre Resaland
Styremedlem
(tilsettrepresentant)



Knut Rydgren
Styremedlem
(tilsettrepresentant)




Ingunn Skjelbreidaler
Styremedlem
(tilsettrepresentant)



Ingrid Moe Albrigtsen
Styremedlem
(studentrepresentant)



Ragna Staven
Vara Styremedlem
(studentrepresentant)



Åse Løkeland
Rektor

II. Introduksjon av verksemda og hovudtal

Frå HiSF sin strategiplan 2014-2018:

Visjon:

Sikt høgare

Verdigrunnlag:

Kompetent Aktiv Tett på

Hovudmål:

HiSF skal:

- *tilby utdanning av høg kvalitet basert på det fremste innanfor forskning, fagleg utviklingsarbeid og erfaringskunnskap*
- *utføre forskning og fagleg utviklingsarbeid av høg kvalitet som bidreg til endringar i samfunnet*
- *gi studentar som byrjar på ei bachelorutdanning ved HiSF, utsikt til å fullføre ein mastergrad i HiSF, eventuelt i eit samarbeid mellom HiSF og andre utdanningsinstitusjonar*
- *vere ein open, tilgjengeleg og engasjert kunnskapsinstitusjon som gjennom det faglege formidlingsarbeidet er synleg og set spor etter seg; særleg*

Innleiing


Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF) vart etablert 1994 etter at dei fem høgskulane, Sogndal lærarhøgskule, Sogn og Fjordane distriktshøgskule i Sogndal, Sogn og Fjordane sjukepleiehøgskule i Førde, Sogn og Fjordane ingeniørhøgskule i Førde og Høgskuleutdanninga på Sandane vart slegne saman.

HiSF har om lag 3900 studentar og 330 tilsette fordelt på studiestadane Sogndal og Førde. Fellesadministrasjonen, rektoratet og hovudtyngda av studia er lokalisert i Sogndal. I Sogndal ligg Avdeling for lærarutdanning og idrett (ALI), Avdeling for samfunnsfag (ASF) og Avdeling for ingeniør og naturfag (AIN – naturfag) I Førde finn vi Avdeling for helsefag (AHF) og AIN-ingeniør og teknologi. I tillegg driv høgskulen eit studiesenter på Sandane.

I 2014 hadde HiSF inntekter frå tildelinga frå KD på 356 mill. Totale inntekter var 399 mill. Meir utfyllande statistikk kan finnast på nettet under database for statistikk om høgare utdanning (DBH).

Hovudoppgåva vår er å utdanne studentar som lukkast og å utvikle forskning som kan medverke til endringar i samfunnet. HiSF har dei siste åra hatt god studentrekruttering og bygd ut heilskaplege campus for utdanning og forskning både i Sogndal og Førde. Vi har nye bygg begge stader med god infrastruktur for studentar og tilsette.

Figur 1: Organisasjonskart:



Utdanning

HiSF har mange yrkesretta bachelorutdanninger. Høgskulen utdanner arbeidskraft som tilfører regionen viktig kompetanse. Høgskulen utdanner arbeidskraft som tilfører regionen viktig kompetanse. For skule- og barnehagesektoren og helse- og sosialsektoren er høgskulen sine utdanninger avgjerande for kvaliteten. Skulane i Sogn og Fjordane har resultat i landstoppen, noko som i stor grad vert tilskrive det tette samarbeidet med HiSF om utvikling og tilpassing av studietilbodet både når det gjeld grunn- og vidareutdanninger. Det er utdanninger som er tett kopla til praksisfeltet. Mange av vidareutdanningane våre er utvikla saman med arbeidslivet i fylket i formelle samarbeidsfora som er med å legge premissar for fagleg kunnskapsutvikling i regionen.

Høgskulen sitt utdanningstilbod:

- 5 masterutdanninger
- 24 bachelorutdanninger
- 9 årsstudium
- 44 vidareutdanninger

Hausten 2014 var andre gong NOKUT (Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen) gjennomførte undersøkinga Studiebarometeret.no. Utifrå denne undersøkinga er HiSF sine studentar gjennomgåande meir nøgde enn landsnittet, og på nokre utdanninger er vi i den absolutte landstoppen.

Undersøkinga vart gjennomført blant alle tredjese­mester-studentar i landet. Studentane har svart på kring 80 spørsmål om kva dei meiner om studiekvaliteten på det programmet dei går.

Med utgangspunkt i påstanden «Eg er, alt i alt, nøgd med studieprogrammet eg går på», der høgste skår er 5,0 og lågaste 1,0, får HiSF totalt for alle studieprogramma ein skår på 4,4 på denne påstanden. Landssnittet er 4,0.

Dersom ein søker opp HiSF på Wikipedia finn ein bl.a. følgjande: «HiSF er kjent for det gode og aktive studentmiljøet, og for nærheten til fjord og fjell.»

På kandidatproduksjon er høgskulen blant dei beste i landet. Som utdanningsinstitusjon er vi svært effektive, og produserer mange studiepoeng i forhold til resursbruken.

Vi er blant institusjonane i landet som har hatt størst auke i studentrekruttering dei siste åra.

Forskning

Forskning og utviklingsarbeid av høg kvalitet er eit viktig kjenneteikn ved ein god høgskule. HiSF har dei siste åra styrkt forskingsinnsatsen betydeleg.

HiSF har vald ut strategiske forskingssatsingar fram til 2017 som byggjer på tema og problemstillingar som er relevant for regionen. Prosjekta har samarbeidspartar som mellom anna Sogn og Fjordane fylkeskommune, Sogndal fotball, Helse Førde, Helsetilsynet, Fylkesmannen og kommunane i Sogn og Fjordane. Alle prosjekta har internasjonale samarbeidspartar.

Utifrå fagfelte våre har vi etablert fem strategiske forskingsprogram:

- Idrettsforskning
- Læringsforskning
- Natur- og miljøvitskap
- Kunnskapsleing i førstelinja
- Samhandling, innovasjon og styring i offentleg sektor

Det er i tillegg òg etablert eit strategisk forskingssenter innnan helseforskning saman med Helse Førde.

HiSF har tre store prosjekt finansiert av Norges forskingsråd:

- Lærande regionar - sluttkonferanse i mars 2015, og som har sett på viktige faktorar for gode skuleprestasjonar på nasjonale prøver.
- ASK – active smarter kids, og som ser på samanhengen mellom fysisk aktivitet og skuleprestasjonar
- RELEASE – renewable Energy Projects, og som ser på lokale konsekvensar av utbygging av fornybar energi. Prosjektet har med finansiering frå Sogn og Fjordane Energi, Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hydro Energi.



III Årets aktivitetar og resultat

A: Resultatrapportering for 2014

Sektormål 1

Universitet og høgskular skal gje utdanning av høg internasjonal kvalitet i samsvar med behova i samfunnet

1.1 Verksemdsmål

Høgskulen skal rekruttere mange kompetente og motiverte studentar til alle utdanningar. Høgskulen skal ha særleg fokus på regional rekruttering til profesjonsutdanningane og nasjonal rekruttering til utdanningar innan idrett/friluftsliv og energi/ressursar/miljø

1.1.1 Styringsparametrar

| Styringsparametrar | Resultatutvikling | | | | Ambisjonsnivå | Gj.snitt statlege høgskular 2014 |
|---|-------------------|------|------|------|---------------|----------------------------------|
| | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2014 | |
| Primærsøkjjarar gjennom Samordna Opptak | 1167 | 1285 | 1576 | 1216 | 1576 | - |
| Primærsøkjjarar per utlyst studieplass i SO-opptaket | 1,44 | 1,66 | 1,79 | 1,48 | 1,88 | 2,15 |
| Gjennomsnittskarakter nye framømte studentar via SO | 3,81 | 3,89 | 3,90 | 3,92 | 3,93 | 4,05 |
| Nye studentar rekruttert gjennom SO | 846 | 853 | 942 | 840 | 850 | - |
| Nye studentar rekruttert utanom SO | 728 | 711 | 637 | 791 | 650 | - |
| %-del av nye studentar frå SFj som byrja ved HiSF (SO) | 27,2 | 23,7 | 24,5 | 20,3 | 25 | - |
| %-del nye studentar ved HiSF som er frå andre fylke enn SFj (SO) | 59,6 | 67,1 | 67,0 | 68,8 | 65 | - |
| Høgskulen sitt omdøme som viktig grunn for å velja studieprogram. Skår på studiebarometeret.no* | | | 3,6 | 3,8 | 3,7 | 3,6 |

*Kjelde: Studiebarometeret.no, NOKUT 2014.

1.1.2 Analyse

Jamført med rekordåret 2013 fekk høgskulen ein reduksjon i tal søkjarar via Samordna Opptak på 23% i 2014. Halvdelen av nedgangen kan forklarast med deltidsutdanningar som

berre har opptak annakvart år. Resten av nedgangen kan i hovudsak knytast til utdanningane i idrett og eigedomsmekling. På begge desse utdanningsområda har høgskulen solide søkjartal og nedgangen resulterte ikkje i færre studentar. For grunnutdanningane var utviklinga i tal søkjarar mest positiv for sjukepleie, dei naturfaglege utdanningane og GLU 5-10.

Sjølv om 2014 isolert viser nedgang i søkjartalet, er den langsiktige utviklinga framleis positiv. Sidan 2007 har tal primærseekjarar via SO auka med 72% Inntaksnivået blant nye grunnutdanningsstudentar held også fram med å auka. I 2014 var gjennomsnittskaraktaren (utan noko slags tilleggspoeng) 3,92 blant nye frammøtte studentar. Gjennomsnittet for dei statlege høgskulane var 4,05.

Arbeidet med studentrekruttering har vore vidareutvikla med hovudvekt på å tydeleggjere kvalitet i utdanningane, og at HiSF har tilfredse studentar. Studentambassadørar og digitale kommunikasjonskanalar er viktige reiskap i rekrutteringsarbeidet. Ny eksternvev vart lansert i løpet av året, og arbeidet med ny strategiplan gav grunnlag for ei tydelegare profilering av høgskulen. I følgje resultatane frå Studiebarometeret 2014 betyr høgskulen sitt gode omdøme stadig meir som grunngeving for å velja studieprogram ved HiSF.

Lærarutdanningane fekk særskild merksemd i rekrutteringsarbeidet. Utviklinga i søkjartala er om lag som i landet samla, mest positiv for GLU 5-10.

Som tidlegare rekrutterer høgskulen heiltidsstudentar frå heile landet. Knappt 40% av søkjarane kjem frå Sogn og Fjordane og vel 20% frå Hordaland. Særleg for utdanningane i naturfag, idrett, friluftsliv og eigedomsmekling har høgskulen primært nasjonal rekruttering. For dei fleste av profesjonsutdanningane er rekrutteringa i større grad regional.

Høgskulen sin marknadsdel i Sogn og Fjordane vart noko svekka i 2014. 20,3% av dei nye grunnutdanningsstudentane frå Sogn og Fjordane starta utdanninga si ved HiSF. Dette er ei utvikling som høgskulen må følgje nøye framover. Det var relativt flest studentar frå heimfylket ved sjukepleie, barnehagelærar, økonomi og administrasjon og grunnskulelærar.

Høgskulen rekrutterte fleire studentar enn året før gjennom lokale opptak. Dette galdt både for vidareutdanningar og masterprogramma.

1.2 Verksemdsmål

Høgskulen skal tilby forskingsbaserte utdanningar med relevans for samfunns- og næringsliv. Høgskulen skal ha eit breitt tilbod av praksisnære bachelorutdanningar og tilbod om mastergrad og vidareutdanningar på dei sentrale utdanningsområda

1.2.1 Styringsparametrar

| Styringsparametrar | Resultatutvikling | | | | Ambisjonsnivå | Gjennomsnitt statlege høgskular 2014** |
|---|-------------------|------|------|------|---------------|--|
| | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2014 | |
| Andel bachelorstudentar (%) | 62 | 64 | 70 | 70 | 71 | 73 |
| Andel masterstudentar (%) | 5 | 7 | 7 | 7 | 8 | 8 |
| Andel kvinnelege studentar (%) | 69 | 69 | 68 | 69 | 67 | 64 |
| Bachelorgradar | 20 | 20 | 21 | 21 | 21 | - |
| Akkrediterte mastergradar | 2 | 4 | 4 | 4 | 4 | - |
| Mastergradar med ekstern akkreditering | 3 | 2 | 2 | 2 | 2 | - |
| Studium i samarbeid med UH-nettVest-institusjonar | 2 | 4 | 3 | 4 | 4 | - |
| Del av kandidatane i jobb som oppgir at jobben er relevant i høve utdanninga* | 91% | 88% | 86% | 85% | 92% | - |
| Skår på studiebarometeret.no på spørsmål om eige studieprogram gir kunnskap og ferdigheiter som er viktige i arbeidslivet** | | | 4,4 | 4,4 | 4,5 | 4,3 |
| Skår på studiebarometeret.no på spørsmål om studiet har god praksisopplæring | | | 4,0 | 4,1 | 4,1 | 3,8 |
| Skår på studiebarometeret.no på samla vurdering av eige læringsutbytte i studiet | | | 3,7 | 3,8 | 3,8 | 3,7 |

*Kjelde: Årlege kandidatundersøkingar. Respondentane er ferdige kandidatar frå fleirårige studium og PPU som svarar eit halvt år etter at utdanninga er avslutta.

** Kjelde: Studiebarometeret.no. NOKUT 2014 og 2015. For data henta frå studiebarometeret.no er det samanlikna med gjennomsnitt for heile uh-sektoren

1.2.2 Analyse

Høgskulen har tyngda av utdanningstilbodet og studenttalet på bachelornivå. Fleirtalet av grunnutdanningane er praksisnære med god relevans for arbeidslivet i regionen. Nokre bachelorprogram er utvikla med grunnlag i særlege føresetnader i regionen. Det gjeld særleg idrett og friluftsliv og dei naturfaglege studietilbod.

Høgskulen har også eit vesentleg tilbod av kortare vidareutdanningar retta mot skule, barnehage, helse og sosialsektoren. Desse vert tilbydde i nært samarbeid med arbeidslivet og dannar grunnlag for gode relasjonar til relevant samfunns- og næringsliv.

Tilbodet av mastergrader og talet på mastergradsstudentar er avgrensa. Vi har ambisjonar om å tilby mastergrader på dei store utdanningsområda, og dette blir gradvis realisert framover. Studenttalet på mastergradsnivå bør dermed auke noko i åra som kjem.

HiSF samarbeider med institusjonar i UH-nett Vest om samarbeid, arbeidsdeling og utvikling på ulike fagområde. I 2014 har vi vore særleg opptekne av korleis dette samarbeidet kan gjere oss betre i stand til å realisere femårig grunnskulelærerutdanning. Ulike modellar for samarbeid og arbeidsdeling har vore lanserte. Elles har samkvemmet innan UH-nett Vest i 2014 i aukande grad handla om mogelege strukturendringar i sektoren.

Studietilbodet for bachelor- og lærarutdanningar vart i hovudsak vidareført i 2014. Tilbodet om elektroingeniørutdanning i energi, elkraft og miljø vart tildelt studieplassar over statsbudsjettet og kom inn som fast tilbod frå 2014, etter å ha vore mellombels finansiert med støtte frå lokalt næringsliv.

Samarbeid med UiB om mastergrad er avslutta etter at høgskulen fekk akkreditert eigen master i læring og undervisning. Det vert lagt vekt på tverrfagleg utvikling av mastergraden i samspel med forskingsaktivitet ved fleire avdelingar i høgskulen. Det er starta opp eit grunnlagsarbeid med sikte på å etablere masterprogram innan økonomisk-administrative fag på noko sikt.

Siste kandidatundersøking viser at delen av dei uteksaminerte kandidatane som er i jobb og som oppgir at jobben dei har fått er relevant i høve utdanninga dei har gjennomført, er minkande. Talmaterialet er noko usikkert, og det er for tidleg å konkludere med at arbeidsmarknaden har blitt vanskelegare.

Høgskulen skårar jamt over høgt på studiebarometeret, også på spørsmål som handlar om studentane si vurdering av relevans, læringsutbytte og kvalitet på praksis i studieprogramma. Særleg er studentane sine vurderingar av praksis gode og klårt over gjennomsnittet for landet

Auka satsing på forskning og etablering av forskingsgrupper på sentrale utdanningsområde har lagt eit betre grunnlag for utvikling av forskingsbasert utdanning i høgskulen. Studieplanane vert kontinuerleg gått gjennom med fokus på tydeleg og relevant læringsutbytte. Det kan synast føremålstenleg å kople kravet om forskingsbasert utdanning endå tettare rundt læringsutbytte og arbeidslivsrelevans.

1.3 Verksemdsmål

Høgskulen skal ha studentar som lukkast i utdanningane. Vi skal vere blant høgskulane med best gjennomstrøyming og høgast poengproduksjon per heiltidsekvivalent

1.3.1 Styringsparametrar

| Styringsparametrar | Resultatutvikling | | | | Ambisjonsnivå | Gj.snitt statlege høgskular 2014 |
|--|-------------------|--------|--------|--------|---------------|----------------------------------|
| | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2014 | |
| Totalt studenttal per 1.10 | 3658 | 3831 | 3678 | 3887 | 3700 | - |
| Eigenfinansierte heiltidsekvivalentar 1.10 | 2624 | 2797 | 2854 | 2964 | 2900 | - |
| Studiepoeng per heiltidsekvivalent | 50,6 | 50,8 | 52,4 | 51,0 | 52,0 | 48,7 |
| Eigenfinansiert studiepoengproduksjon (60-poengeiningar) | 2212,8 | 2368,0 | 2493,6 | 2520,9 | 2513 | - |
| Kandidatproduksjon | 460 | 527 | 637 | 645 | 600 | - |
| Gjennomføring iht avtalt utdanningsplan (%) | 91,5 | 88,7 | 91,4 | 89,6 | 92 | 87,6 |
| Gjennomstrøyming på normert tid for 3-årig bachelor (2011-kullet) % | 62,2 | 57,4 | 61,5 | 61,1 | 62 | 52,6 |
| Del uteksaminerte kandidatar tekne opp på doktorgradsprogram seks år tidlegare | - | - | - | - | 75 | - |
| Tal avlagte doktorgradar | 3 | 5 | 2 | 3 | 4 | 4 |
| Kandidatmål sjukepleie | | | | 122 | 110 | |
| Kandidatmål vernepleie | | | | 28 | 21 | |
| Kandidatmål BLU | | | | 20 | 35 | |
| Kandidatmål GLU 1-7 | | | | 26 | 20 | |
| Kandidatmål GLU 5-10 | | | | 92 | 20 | |
| Kandidatmål PPU | | | | 1 | 48 | |
| Kandidatmål AOI | | | | | 11* | |

*Frå 2015

1.3.2 Analyse

Studenttalet ved høgskulen heldt fram med å auke i 2014, og ligg no litt over det som var sett som måltal. Andelen unge heiltidsstudentar på campus har auka siste åra, noko som gir gode føresetnader for å vidareutvikle attraktive studiestader.

Studiepoengproduksjon per heiltidsekvivalent er som tidlegare år høg og vesentleg over gjennomsnittet både for sektoren som heilskap og for dei statlege høgskulane. Samla produksjon av studiepoeng er litt høgare enn målsetjinga og heng saman med høgare studenttal.

Kandidatproduksjonen i 2014 er høgare enn ambisjonsnivået, noko som skuldast fleire studentar, god gjennomstrøyming og fleire kandidatar frå masterprogramma. I tillegg til dei 645 gradsgjevande vitnemåla som er registrerte i dbh, kjem 28 mastergradskandidatar som fekk vitnemålet sitt frå samarbeidande institusjonar (14 i undervisning og læring, UiB, 13 i idrettsvitskap, NIH og 1 i spesialpedagogikk, UiO). Det samla kandidattalet var dermed 673, og 58 av desse fekk tildelt vitnemål for mastergrad. Dette er dei høgste tala høgskulen har hatt nokon gong.

Både på gjennomføring i samsvar med avtalt utdanningsplan og gjennomstrøyming på normert tid, har HiSF resultat som ligg klårt over gjennomsnittet for statlege høgskular og endå klårare når vi jamfører med heile UH-sektoren. Gjennomstrøyminga på normert tid i bachelorprogramma er i landstoppen når vi ser bort frå nokre små spesialiserte utdanningsinstitusjonar. Også gjennomstrøyminga på masterprogramma ligg langt over landsgjennomsnittet, men dette kjem ikkje til syne i dei offisielle statistikkane, då det for nokre av masterprogramma våre er andre institusjonar som tildeler vitnemål.

HiSF har ikkje eigne doktorgradskandidatar, men har finansiert 11 doktorgradsheimlar frå Kunnskapsdepartementet (12 frå 2015 der éin er øyremerka helse- og sosial, lærarutdanning og ingeniørfag). HiSF har difor hatt samarbeidskandidatar med doktorgradsgjevande institusjonar både nasjonalt og også internasjonalt i aukande grad. Høgskulen har hatt god gjennomstrøyming på doktorgradskandidatane, og det vart i 2008 tilsett fire doktorgradstipendiatar, der tre har disputert, og éin er i avslutningsfasen av arbeidet med forventa levering i 2015.

1.4 Verksemdsmål

Høg utdanningskvalitet, tett oppfølging og eit stimulerande og trygt læringsmiljø skal vere varemerke for HiSF

1.4.1 Styringsparametrar

| Styringsparametrar | Resultatutvikling | | | | Ambisjonsnivå | Gj.snitt statlege høgskular 2014 |
|---|-------------------|------|------|------|---------------|----------------------------------|
| | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2014 | |
| Studentar per faglege årsverk | 18,7 | 19,7 | 17,7 | 18,1 | 17,5 | 17,8 |
| Andel førstestillingar (%) | 36 | 36,4 | 38,4 | 39% | 39 | 48,7 |
| %-del kandidatar som seier dei er svært godt eller godt nøgde med studieopphaldet ved HiSF* | 89 | 87 | 88 | 90 | 90 | - |
| %-del kandidatar som svarar at dei treivst særst godt eller godt i studietida* | 85 | 85 | 90 | 90 | 90 | - |
| %-del kandidatar som meiner at arbeidstilhøve ved HiSF var gode eller svært gode* | 67 | 71 | 67 | 71 | 80 | - |
| %-del kandidatar som vurderer dei administrative tenestene som gode eller svært gode* | 73 | 74 | 67 | 71 | 75 | - |
| Skår på studiebarometeret.no når det gjeld kor nøgd studentane, alt i alt, er med eige studieprogram. ** | | | 4,3 | 4,3 | 4,4 | 4,0 |
| Skår på studiebarometeret.no på spørsmål om kor tilfreds studentane er med bibliotek og bibliotektenester | | | 4,4 | 4,4 | 4,5 | 4,1 |
| Skår på studiebarometeret.no på spørsmål om kor tilfreds studentane er med ikt-tenestene | | | 4,1 | 3,9 | 4,2 | 3,7 |
| Skår på studiebarometeret.no på spørsmål om HiSF legg godt til rette for utveksling til utlandet** | | | 3,0 | 3,0 | 3,5 | 3,2 |
| Studentmobilitet | 111 | 82 | 75 | 90 | 110 | - |

*Kjelde: Årlege kandidatundersøkingar. Respondentane er uteksaminerte kandidatar frå fleirårige studium og PPU som svarar eit halvt år etter at utdanninga er avslutta.

** Kjelde: Studiebarometeret.no. NOKUT 2014. Respondentane er i tredje semester av bachelor- eller masterstudium.

1.4.2 Analyse

Høgskulen sine studentar gir svært gode tilbakemeldingar, både når det gjeld utdanningskvalitet, oppfølging og læringsmiljø. Vi skårar lægre på akademisk kompetansenivå og vitskapleg publisering.

Andel med førstekompetanse blant dei tilsette i undervisnings- og forskingsstillingar er aukande, men framleis under gjennomsnittet for statlege høgskular og for sektoren. Tal studentar per årsverk i undervisnings- og forskingsstillingar er om lag på line med gjennomsnittet for statlege høgskular, men høgare enn for sektoren samla.

Både resultata frå eiga kandidatundersøking og frå studiebarometeret.no dokumenterer at studentane er svært nøgde med både utdanningskvalitet, læringsmiljø og støttetjenester. Studentane rapporterer at dei trivst på høgskulen og i studentmiljøet. I den nasjonale granskinga studiebarometeret.no scorar høgskulen like høgt i 2014 som i 2013 på den samla vurderinga av kvaliteten på studieprogrammet. Fleire av høgskulen sine program får toppskår i landet, og i gjennomsnitt scorar vi høgare enn alle samanliknbare institusjonar, både høgskular og universitet. Vi tolkar resultata slik at vi lukkast med å gi god undervisning med gode tilbakemeldingar, vere tett på studentane og at læringsmiljø og støttetjenester fungerer godt.

Høgskulen har arbeidd med utvikling av utdanningskvaliteten gjennom aktiv bruk av kvalitetssystemet. Det vart lagt vekt på evaluering og tilbakemelding til studentane og på gjennomføring av utdanningssamtalen for å klargjere studentane sitt ambisjonsnivå og forventningar til eige læringsarbeid. Læringsutbytte for mange utdanningar er vidareutvikla, og læringsutbyttet for nokre vidareutdanningar er tilpassa masternivå. Det er innført fagfellevurdering som kvalitetssikring av nye emne på masternivå.

Det er innført krav om pedagogisk basiskompetanse ved tilsetjing og høgskulen tilbyr kvart år pedagogisk opplæring for tilsette.

Prosjektet Digital kompetanse vart vidareført i 2014. Utvikling av nettbasert undervisning, særleg i lærarutdanningane heldt fram. Høgskulen har utvikla og gjennomført vidareutdanninga Digital kompetanse i høgare utdanning for tilsette i samarbeid med Høgskulen i Volda. Arbeidet med digitalisering av eksamen er vidareført med gode resultat.

Høgskulen har arbeidd vidare med å tilby nye studentar eit godt innføringsprogram med sikte på gode arbeidsvanar og eit stimulerande læringsmiljø. Vi får gode tilbakemeldingar frå nye studentar både gjennom eigne undersøkingar og ikkje minst den landsomfattande granskinga som studentsamskipnadane gjennomførte vinteren 2014 om helse og trivsel hjå studentane. HiSF fekk svært gode tilbakemeldingar her, særleg når det gjeld kvaliteten på studiestart og mottakinga på studieprogrammet.

I 2014 har vi hatt særskild fokus på kvalitet i sensurarbeid og karaktersetjing. Ein rapport frå Senter for økonomisk forskning AS, danna utgangspunkt for dette. Vi har vore opptekne av å kvalitetssikre sensurarbeidet med omfattande bruk av eksterne sensorar og vi har vore opptekne av korleis vi brukar karakterskalaen.

Høgskulen har vidareført samarbeid med Studentparlamentet om Tett på-konferansen, som i 2014 handla om psykisk helse hjå studentar. Leiarar og studenttillitsvalde drøfta status og utfordringar på tvers av avdelingar og institutt. Læringsmiljøutvalet og Utdanningsutvalet i høgskulen har felles ansvar for denne årlege konferansen saman med Studentparlamentet. Samarbeidet med studentsamskipnaden om utvikling av studentmiljøet vart vidareført gjennom støtte til studentorganisasjonane og god dialog mellom leiinga i høgskulen, samskipnaden og studentorganisasjonane.

Høgskulen har hatt svake resultat for internasjonalisering over år, og 2014 var ikkje noko unntak. Studentmobiliteten var noko høgre enn året før, men framleis lægre enn målsetjinga. Også resultata frå Studiebarometeret.no synte at studentane saknar informasjon og tilrettelegging for utveksling til utlandet. I løpet av året er det arbeidd med ny strategisk plan for internasjonalisering av høgskulen sine utdanningar.

For å auka kvaliteten på studie- og yrkesretteiing, har høgskulen i løpet av siste åra bygd opp eit karrieresenter. Tilbodet er etterspurd av studentane.

Sektormål 2

Universitet og høgskular skal i tråd med sin eigenart, utføre forskning, kunstnarleg og fagleg utviklingsarbeid av høg internasjonal kvalitet

Høgskulen sin strategi for fou vart vedteken i februar 2013 og skildrar viktige verkemiddel for å lukkast med sektormål 2. Særskilt er det lagt vekt på å auke ekstern finansiering av fou-arbeid, auke talet på doktorgradsstipendiatstillingar, sterkare vekt på kollega- og studentrettlegg og meir samanhengande fou-tid for tilsette. Det var innført fire institusjonelle fou-stipend for å gje særskilt aktive forskarar meir samanhengande og konsentrert fou-tid. Det vart òg prioritert midlar til utvalde strategiske forskingsprogram innan:

- idrettsforskning
- læringsforskning
- natur- og miljøvitskap
- samhandling, innovasjon og styring av offentleg sektor
- kunnskapslegg i førstelinetenesta

Dette er område der høgskulen særskilt skal utvikle ny kunnskap dei neste åra. HiSF skal òg styrke samarbeidet med Helse Førde gjennom *Senter for helseforskning*.

I juni 2014 vedtok høgskulestyret ei ytterlegare satsing på fou gjennom fire nye strategiske tiltak. Desse er:

1. Strategiske utviklingsmidlar til å styrke mindre sterke fou-miljø til auka fou-aktivitet og kompetanse som ei strategisk institusjonssatsing
2. Eit fond for infrastruktur, undervisnings- og forskingsmateriell, og utstyr til laboratorium
3. Felles kompetansehevingstiltak innan skriving – både akademisk, populærvitskapleg og skriving generelt som ferdigheit
4. Meir samordning av retningslinjer for og forventningar til bruken av fou-ressursar

2.1 Verksemdsmål

HiSF skal auke talet på publikasjonar til å bli ein høgskule med høg vitenskapleg publisering, og skal ha høg fagleg og forskningsetisk kvalitet på fou-arbeidet

2.1.1 Styringsparametrar

| Styringsparametrar | Resultat | | | | | Ambisjon | Snitt SH |
|---|----------|------|------|-------|------|----------|----------|
| | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2014 | 2013 |
| Publikasjonspoeng | 38,7 | 38,4 | 50,1 | 40,1 | 70,9 | 55 | |
| Publikasjonstal – nivå 2-andel (%) | 7,9 | 5,0 | 9,6 | 5,6 | 8,2 | 10 | 9,6 |
| Auke i publikasjonspoeng (%) | 7,9 | -0,7 | 30,3 | -20,0 | 76,8 | 36,8 | - |
| Publikasjonspoeng per UFF-stilling | 0,21 | 0,20 | 0,26 | 0,19 | 0,33 | 0,26 | 0,37 |
| Del årsverk i førstestillingar av UFF (%) | 35,2 | 35,5 | 36,4 | 38,4 | 34,6 | 40 | |
| Tal årsverk i dosentstillingar | 3 | 5,8 | 5 | 4 | 4 | 5 | |
| Tal årsverk i professorstillingar | 6,5 | 7,6 | 6,5 | 8,3 | 7,8 | 10 | |
| Tal årsverk i stipendiatstillingar | 16,6 | 19,0 | 19,7 | 21,8 | 20,1 | 25 | - |

i) Snitt SH er snitt for statelege høgskular i 2013. Tal for 2014 i kursiv er førebelse tal.

2.1.2 Analyse

HiSF arbeider strategisk med mål om auke i den vitenskaplege publiseringa. Talet på publikasjonspoeng har variert noko dei siste åra, men talet publikasjonspoeng for 2014 er svært positivt, og godt over målsettinga for året. Talet publikasjonar er òg aukande, men høgskulen sin del av det totale forfatterskapet er noko lågt, og dette gjev negativt utslag på poenga som vert generert. På den andre sida syner dette at tilsette i HiSF har eit breitt nettverk og er relevante samarbeidspartnarar. Dei tre store forskingsprosjekta som er finansiert av NFR er venta å gje utslag i ein auke i publiseringar, men har ikkje i særleg grad bidrege til resultatet i 2014, og slik sett er det grunn til å vente ytterlegare auke over dei neste åra.

Vi ser også effekten av strategiske satsingar, som til dømes fedmeforskingmiljøet ved Senter for helseforskning som hadde mange publikasjonar i 2014. Dette forskingsmiljøet innan sjukeleg overvekt har òg fått godkjent tidsskriftet *Complexity of obesity proceedings* i 2014 som eit open access-tidsskrift <http://www.complexobesity.net/>.

Dei institusjonelle fou-stipenda som vart innført i 2013, har gjeve ønska resultat. Vi har samla sett nytta om lag 7,5 millionar kroner på desse fou-stipenda som vert nytta både som kompetansehevingstiltak og til å gje erfarne forskarar samanhengande forskningstid.

Framleis er det slik at vi på nokre fagområde har for låg del tilsette med førstekompetanse. Vi ventar at dette vil betre seg gjennom rekruttering og gjennom langsiktig arbeid retta mot kompetanseheving av eigne tilsette. Fou-stipenda og andre tiltak som er skildra i plandelen, vil legge til rette for at vi vil sjå ein jamn auke i talet på tilsette med førstekompetanse, men vi må òg ta høgde for at tala kan variere frå år til år. Talet tilsette med førstekompetanse gjekk noko ned i 2014, og dette blir vidare kommentert under sektormål 4.

Høgskulen har lagt vekt å bygge sterkare fagmiljø og å auke tal årsverk i førstestillingar og professor-/dosentstillingar. Ein har sett gode resultat av å organisere fou-aktiviteten med vekt på å byggje opp forskingsgrupper som omfattar mange tilsette, og slik auke

publikasjonspoeng gjennom at fleire tilsette publiserer poenggjevande, og i mindre grad av at få produserer meir. Mange fagmiljø har tilsette i doktorgradsløp eller organiserte førstelektorløp i 2014, og har fleire kandidatar som vil søkje opprykk til toppstillingar dei neste åra.

2.2 Verksemdsmål

HiSF skal særleg utvikle praksisnære fou-prosjekt på regionale problemstillingar med nasjonal eller internasjonal relevans, og involvere studentar meir i forskings- og utviklingsarbeid

2.2.1 Styringsparametrar

| Styringsparametrar | Resultat | | | | | Ambisjon | Snitt SH |
|---------------------------------------|----------|------|------|------|------|----------|----------|
| | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2014 | 2013 |
| Tal publikasjonar frå studentoppgåver | - | - | 8 | 5 | 6 | 10 | - |
| Tal studentforfattarar | - | - | 0 | 1 | 11 | 4 | - |
| Tal nye lærebøker og fagbøker | 5 | 3 | 2 | 7 | 10 | 5 | - |

Kvalitative styringsparametrar:

- **Resultatoppnåing på forskning i forhold til vår eigenart**
- **Samspel mellom forskning og utdanning**

2.2.2 Analyse

Høgskulen har god resultatoppnåing innan dei strategiske forskingsområda. Vi ser til dømes ein betydeleg auke i publikasjonar knytt til satsinga på sjukeleg overvekt. Denne forskingsgruppa arrangerte i fjor sin andre internasjonale forskingskonferanse, og har arbeidd målretta over lang tid med å bygge nasjonale og internasjonale nettverk. Gruppa hadde i 2014 fire doktorgradsstipendiatar. To av desse er finansiert av høgskulen. I tillegg søkte gruppa og fekk tildelt ein ny stipendiat frå Helse Vest seint i 2014. Forskingsgruppa er den eldste av fire som sorterer under paraplyen til Senter for helseforskning. Senter for helseforskning vart oppretta i 2008 som ei felles strategisk satsing mellom Helse Førde og Høgskulen i Sogn og Fjordane med mål om å utvikle gode felles forskingsmiljø. Senter for helseforskning organiserer fire forskingsgrupper og held til i eit eige bygg, men på same område som Avdeling for helsefag og Helse Førde. Senteret starta i 2008 med éin person. I 2014 var 11 stipendiatar og in post.doc i tillegg til leiaren for senteret lokaliserte til dette senteret. Frå 1. mars 2015 kjem det to nye høgskulefinansierte stipendiatar knytt til forskingsgruppa for psykiske helse og rus.

Høgskulen sitt største eksternfinansierte forskingsprosjekt, ASK – Active Smarter Kids, ser på samanhengen mellom fysisk aktivitet og innverknaden på skuleresultat. Prosjektet er internasjonalt blant dei største i sitt slag og gjennomfører hausten 2014 og våren 2015 ei datainnsamling med svært høg deltaking. Det er både lokale og internasjonale aktørar knytt til prosjektet. Ein har lukkast særst godt med å forankre og gje eigarskap til prosjektet lokalt i kommunane, hjå andre offentlege institusjonar og andre relevante aktørar med engasjement i og for skulen.

Satsinga innan samhandling, innovasjon og styring i offentleg sektor hadde i 2014 eit godt år i høve vitskapleg publisering. Miljøet har publisert fleire artiklar og fagbøker i poenggjevande kanalar. I tillegg kjem og ei stor grad av anna fagleg formidling.

Høgskulen fekk i 2014 tildelt 16,5 millionar kroner frå Forskingsrådet til prosjektet RELEASE som skal sjå på samfunnsverknadane av fornybar energi. Det samla budsjettet er på 23 millionar kroner over tre år. Sogn og Fjordane Energi, Sparebankstiftinga og Fylkeskommunen og Hydro Energi bidreg med i alt 4,5 millionar kroner til prosjektet. Prosjektet synleggjer kor viktig regional støtte og forankring er for å få gjennomslag for store forskingsprosjekt, og samstundes er dette med å sikre prosjektet sin relevans for samfunnet.

Høgskulen er også partner i prosjektet MOVE som i 2014 fekk tilslag på ein søknad til Horizon 2020. Prosjektet skal undersøke mobiliteten blant unge i Europa, og er no i kontraktsforhandlingar med EU.

Samla sett opplever høgskulen ein positiv utvikling innan vitskapleg publisering. Ein må rekne med variasjonar frå år til år når det gjeld publisering, tilslag på eksterne midlar, talet på nye doktorgrader og disputerte, men vi ser ei positiv utvikling og fagmiljø som er oppteken av å lukkast med forskingsarbeidet.

Det er eit mål å tilby framifrå forskingsbasert utdanning ved HiSF. Førebelse tal syner at totalt 11 studentar er med som medforfattarar i til saman seks poenggjevande tidsskriftsartiklar i 2014. Samstundes er det noko arbeid att for å systematisk kartlegge i kva grad og omfang undervisninga i høgskulen blir opplevd som forskingsbasert frå studentane si side. Det vert oppmoda til å involvere studentar i forskingsarbeid, både i datainnsamling og skriving av artiklar. Samspelet mellom forskning og utdanning er noko som fagmiljøa er opptekne av, og som særleg har kome til uttrykk gjennom høyringsuttalar til strategi og planer innan fou. Høgskulen vil arbeide vidare for å styrke og konkretisere dette arbeidet framover.

HiSF har lagt særleg vekt på forskning som byggjer opp om utdanningane ved høgskulen. Fagmiljøa treng forskingsbasert styrking for kunne drive og utvikle utdanningane i tråd med nasjonale standardar, og auka kompetanse for å ta del i kunnskapsbygginga i praksisfeltet og for å vere ein truverdig samarbeidspart i dei stadig viktigare nasjonale, regionale og internasjonale kunnskapsnettverka innanfor utdanning og forskings- og utviklingsarbeid. Det blir òg arbeidd med å knytte utdanningsincentiv til større forskingsprosjekt gjennom å etablere tilhøyrande emne på bachelor- eller masternivå som inngår i ein grad. I emnet skal perspektiv, metodikk og forskingsstatus frå prosjektet formidlast i undervisninga. Slik blir undervisninga meir forskingsbasert, studentane møter oppdaterte forskingsresultat, og forskarane får formidla og diskutert perspektiv og arbeid undervegs i prosjektet. Studentane si deltaking i forskingsprosjekt skal styrkast gjennom koordinering av innsats i avdelings- overgripande forum for masterutdanningar og folkehelse. Ved masterstudia i Idrett og Samhandling er det eigne forskingsseminar som knyter studentane sine masterprosjekt mot pågåande prosjekt i høgskulen eller hos samarbeidande aktørar.

Dei store forskingsprosjekta ved HiSF tek utgangspunkt i praksisnære problemstillingar. Særleg forskingsrådsprosjekta Lærande Regionar og ASK er designa og blir gjennomført med utgangspunkt i dette verksemdsmålet. Det er vidare stor forskingsaktivitet på pasientrapporterte data og på yrkesutøving og kompetanse innan profesjonsyrka, noko som knyter forskinga nært til utdanningane og til klinisk praksis. Mange fagmiljø har integrert fou-aktiviteten tett til utdanningane både på emnenivå og oppgåvenivå. Det har til dømes blitt publisert resultat frå bachelorarbeid i eit tidsskrift på nivå 2.

2.3 Verksemdsmål

HiSF skal utvikle sterke fou-miljø og forskingsgrupper som får tilslag på ekstern finansiering og som har gode internasjonale relasjonar

2.3.1 Styringsparametrar

| Styringsparametrar | Resultat | | | | | Ambi- sjon |
|--|----------|------|-------|--------|------|---------------|
| | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2014 |
| Tal egne NFR/RFF søknader | - | - | 7 | 9 | 10 | 12 |
| Tilslag egne søknader NFR/RFF (%) | - | - | 28,6 | 33,3 | 30,0 | 25 |
| Tal samarbeidssøknader NFR/RFF | - | - | 2 | 5 | 3 | 5 |
| Tilslag samarbeidssøk. NFR/RFF (%) | - | - | 100 | 16,7 | 0 | 25 |
| Midlar frå NFR (1000 kr) | 3154 | 1567 | 4 838 | 10 004 | 9727 | 10000 |
| NFR-tildeling per UFF-stilling (kr) | 17,2 | 8,1 | 24,9 | 48,0 | 45,4 | 47,6 |
| Tal eksternfinansierte stipendiatar | - | 3,5 | 3,5 | 6,5 | 8,5 | 8 |
| Del artiklar med int. samforfattarar (%) | - | 37,7 | 32,3 | 27,9 | - | 35 |
| EU-midlar (1000 kr) | 0 | 0 | 255 | 571 | 91 | 500 |
| EU-midl. per UFF-stilling (kr) | 0 | 0 | 1,3 | 2,7 | 0,4 | 2,4 |

Kvalitativ styringsparameter:

- **Auka forskingsinnsats innan MNT og profesjonsfag**

2.3.2 Analyse

Det har i 2014 vore utarbeidd fleire større søknader til NFR, der særleg FINNUT og SHP-utlysingane var prioriterte. HiSF sende tre søknader om Strategisk høgskuleprosjekt til SHP i februar som ansvarleg institusjon, og var svært delaktig i ein fjerde søknad som vart sendt frå Høgskulen i Harstad. Éin av søknadene til SHP – «RELEASE innan fornybar energi» fekk svært god evaluering i NFR, og tilslag på om lag 16,5 millionar i finansiering frå NFR. HiSF sendte òg to søknader til FINNUT-programmet, og var deltakar i fleire søknader saman med andre UH-institusjonar. EU-prosjektet SECRE vart avslutta i 2014, men HiSF fekk tilslag på eit nytt EU-prosjekt innanfor Horizon 2020 som vi no er i kontraktsforhandlingar om. HiSF deltek òg i ein JPI «*Quantifying melt-driven biogas production and nutrient export from Eurasian Arctic lowland permafrost*» med akronym LowPerm innanfor forskingsområdet Klima. Dette prosjektet er no i startfasen.

Fou-miljøa ved HiSF viser ein aukande søknadsaktivitet mot NFR og til dels EU, og arbeider også målretta for auke graden av ekstern finansiering på forskingsprosjekt gjennom andre nasjonale og internasjonale finansieringskanalar.

Høgskulen sin forskingsinnsats er i stor grad retta inn mot profesjonsfag og MNT-fag slik som utdanningsporteføljen ved HiSF er sett saman. Særleg er forskingsinnsatsen inn mot lærarutdanning, helsefagsutdanning og sosialfag sentral i satsinga på profesjonsfag ved HiSF, mens særleg geologi driv forskingsinnsatsen innan MNT-fag. Det er starta i alt 11 nye doktorgradsstipend med eigen finansiering innanfor MNT og profesjonsfag sidan 2010 (av i alt 19 nye doktorgradsstipend). Det er i særleg grad idrettsmiljøet og naturfagsmiljøa innan

fornybar energi og økologi som har fått doktorgradsstipendiatstillinger utanom denne satsinga. Det er i dag god balanse mellom satsinga på MNT og profesjonsfag, og på å profilere institusjonen gjennom satsinga på idrett og folkehelse, og satsinga på energi, ressursar og miljø.

2.4. Verksemdsmål

Fou-arbeidet ved HiSF skal ta utgangspunkt i genuin interesse og motivasjon hos fagtilsette, og arbeidet med fou skal vere inkluderande og motiverande og ha gode rammevilkår

2.4.1 Styringsparametrar

| Styringsparametrar | Resultat | | | | | Ambisjon |
|---------------------------------------|----------|------|------|------|------|----------|
| | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2014 |
| Tal tilsette i fou-stipend | - | - | - | 7 | 8 | 7 |
| Tal tilsette som publiserer | 39 | 45 | 52 | 66 | 79 | 65 |
| Del UFF-stillingar som publiserer (%) | 21,3 | 23,0 | 26,8 | 31,7 | 36,9 | 35 |

Kvalitativ styringsparameter:

- Rettleiing som fou-resultat

2.4.2 Analyse

Høgskulen tildelte til saman 8 nye fou-stipend i 2014 til førstelektorkvalifisering, professorkvalifisering, til nykvalifiserte forskarar og som forskingstermin til etablerte forskarar. Stipendmottakarane i 2013 hadde totalt registrert 28 poenggjevande publikasjonar. I 2014 var talet 43, dette inkluderer dei 8 nye stipendmottakarane. Andelen UFF-stillingar som publiserer, er jamt aukande, og ein ser at publiseringaktiviteten for mange no er i ferd med å vridast frå ikkje-poenggjevande kjelder til poenggjevande kjelder. Rammevilkåra er om lag dei same som tidlegare år, og noko av auken kan kome frå betre organisering av fou-verksemda og større merksemd på fou-aktiviteten ved HiSF.

Høgskulen legg vekt på at erfarne forskarar rettleiar kolleager med mindre fou-erfaring. I søknadar om interne midlar vert rettleiing vektlagt i vurderinga for tilsette som manglar formalkompetanse og/eller forskingserfaring. Organisering av fou-aktiviteten i tematiske forskingsgrupper og forskingssirkklar har gjeve gode resultat, og doktorgradsstipendiatar og tilsette i førstelektorløp har i stor grad interne rettleiarar ved HiSF.

Sektormål 3

Universitet og høgskular skal vera tydelege samfunnsaktørar og bidra til formidling, internasjonal, nasjonal og regional utvikling, innovasjon og verdiskaping.

3.1 Verksemdsmål

HiSF skal vere relevante for samfunns- og arbeidsliv.

3.1.1 Styringsparametrar

| Styringsparametrar | Resultat | | | | | Ambisjon | Snitt SH |
|----------------------------------|----------|-------|-------|-------|-------|----------|----------|
| | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2014 | 2013 |
| BOA utanom EU og NFR (1000 kr) | 13648 | 13252 | 13501 | 20916 | 25300 | 20000 | 29012 |
| BOA utan EU/NFR per UFF-stilling | 74,5 | 67,8 | 69,6 | 100,4 | 118,1 | 100 | 70 |
| BOA som del driftsinntekter (%) | 4,8 | 3,8 | 4,5 | 6,0 | 6,3 | 6,0 | 5,6 |
| Bidragsfinansiert BOA (%) | 47,3 | 54,8 | 52,0 | 71,6 | 72,3 | 70 | 63,3 |

Kvalitativ styringsparametrar:

- Samarbeid med samfunns- og arbeidsliv
- Fleksibel utdanning

3.1.2 Analyse

HiSF har hatt auka oppdragsmengde utanom EU og NFR dei siste åra, og høgskulen har lukkast bra med målsettinga om å auke denne aktiviteten. Merk at tala frå 2013 er justert etter ny modell, der tilskot frå andre statlege forvaltningsorgan no er klassifiserte som bidrag. Dette påverkar også målsettingane for 2014 som er endra i høve til plandelen for 2014, for å reflektere denne endringa.

Høgskulen skal vere ein viktig partner for samfunns- og næringsliv gjennom å tilby relevante utdanningar, innovative fou-prosjekt med relevans for samfunnet, og faktabasert kunnskap til samfunnsdebatten. Høgskulen har eit etablert og godt samarbeid med viktige delar av regional offentleg forvaltning gjennom Fylkeskommunen, Fylkesmannen, kommunar, NAV og Helse Førde, og eit strategisk viktig samarbeid med energibransjen som har gjeve opphav til eit eige forskingsprogram og utdanning innan Fornybar energi, og ei ingeniørutdanning innan Energi, elkraft og miljø. Høgskulen har òg etablerte prosjektsamarbeid med Vestlandsforskning innanfor IKT, fornybar energi og helse, og særleg innanfor reiseliv i eit pågåande forskingsprogram på innovasjon og verdiskaping.

Høgskulen har òg eit etablert forskingssamarbeid med ingeniørutdanninga med Polen gjennom EØS-midlar tildelt via NFR i prosjektet MEDUSA, og samarbeid gjennom utveksling av studentar og doktorgradsstipendiatar.

Rådet for samarbeid med arbeidslivet (RSA) er ein viktig arena i arbeidet med å styrke samarbeidet med regionalt og nasjonalt arbeidsliv. RSA blir brukt aktivt for å få innspel frå samfunns- og arbeidsliv om viktige kompetansebehov, strategiske satsingar og utfordringar

som regionen vil utfordre høgskulen til å møte. Arbeidet med å styrke ingeniør- og teknologiutdanningane ved HiSF gjennom eitt nytt byggingeniørstudium er forankra i RSA, og har ei arbeidsgruppe satt saman av medlemmer av dette rådet.

Høgskulen har ei viktig regional rolle med eit veldig godt samarbeid med regionale offentlege aktørar. HiSF deltek vidare i eit VRI-prosjekt saman med Vestlandsforskning, med særskilt ansvar for mobilitet for studentar mot næringslivet.

Høgskulen tilbyr fleksibel utdanning til regionen gjennom etter- og vidareutdanningar, spesielt innan helsefag og lærarutdanninga. Høgskulen tilbyr desentralisert undervisning gjennom samlingar og nettbaserte forelesingar, særskilt innan lærarutdanninga. Volumet av etter- og vidare- og desentraliserte utdanningar ved høgskulen er stabilt. Høgskulen organiserer i tillegg fleksible og tilrettelagte studietilbod til bedrifter, kommunar og andre aktørar gjennom oppdragseininga HiSF Oppdrag. Bruken av nettbaserte undervisningsmetodar har auka noko i 2014.

3.2 Verksemdsmål

HiSF skal formidle resultata frå fou-aktiviteten til samfunnet, og auke bruken av «open access» publisering

3.2.1 Styringsparametrar

| Styringsparametrar | Resultat | | | | | Ambisjon | Snitt UH |
|----------------------------------|----------|------|------|------|------|----------|----------|
| | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2014 | 2013 |
| Tal fou-resultat i CRISTin | 419 | 371 | 477 | 509 | 450 | 470 | - |
| Tal publikasjonar Open Access | 7 | 12 | 17 | 24 | 25 | 25 | - |
| Periodikaartiklar (%) | 71 | 83,0 | 78,1 | 59,8 | 52,6 | 70 | 71,5 |
| Antologiartiklar (%) | 29 | 13,9 | 16,6 | 40,2 | 38,5 | 25 | 26,5 |
| Monografiar (%) | 0 | 3,1 | 5,3 | 0 | 8,9 | 5 | 2,0 |
| (Pop.)vitskapelege publ./posters | 115 | 145 | 226 | 269 | 220 | 240 | - |

3.2.2 Analyse

Talet fou-resultat dei siste åra har vore stigande, og det er venta at det endelege talet registreringar kjem til å ligg om lag på same nivå som for 2013. HiSF har eit fond for å finansiere publikasjonar som er tilgjengeleg via open-access. Det har vore ei god utvikling dei siste åra med auka publisering som er tilgjengeleg for alle. Publikasjonsprofilen har endra seg noko dei siste åra frå å ha vore veldig tung på vitskapelege artiklar i periodika til å dreie meir mot publisering i antologiar. Dette har vore ei ynskt utvikling for å publisere meir av utviklingsretta fou-arbeidet ved HiSF, der fleire fagmiljø har gått saman i forskingsgrupper for å skipe til antologiar i samarbeid med eksterne fagmiljø.

3.3 Verksemdsmål

HiSF skal aktivt bidra til innovasjon og verdiskaping i privat og offentlig sektor

3.3.1 Styringsparametrar

| Styringsparametrar | Resultat | | | | | Ambi- sjon | Snitt SH |
|---|----------|------|------|------|------|---------------|-------------|
| | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2014 | 2013 |
| Tal partnerskap i innovasjon/verdiskaping | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 2 | - |
| Tal bedriftsetableringar | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 | 0,7 |
| Tal mottekne forretningsidear | 0 | 0 | 0 | 0 | 5 | 2 | 15 |
| Tal lisensieringskontraktar | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 3 |
| Tal patentsøknader | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |

Kvalitativ styringsparameter

- HiSF skal bidra til regional nyskaping og innovasjon

3.3.2 Analyse

HiSF har i 2014 styrka samarbeid med Kunnskapsparcken Sogn og Fjordane som innovasjonsaktør for studentar og tilsette i høgskulen. Det er i 2014 registrert 5 nye forretningsidear som blir vurderte for opptak i deira inkubator. Det har ikkje vore bedriftsetableringar, patentsøknader, lisensieringskontraktar eller nye formelle partnerskap innanfor innovasjon og verdiskaping i 2014.

Det har vore fleire innovasjonsprosjekt saman med eksterne partnarar i 2014. Særleg kan ein trekke fram innovasjonssamarbeidet med Helse Førde i prosjektet «Fjordomics» som utviklar teknologi for tidleg oppdaging av metabolsk sjukdom. Teknologien skal visualisere resultatane som kjem ut av analysane, og skal i framtida nyttast for å gje råd til einskildpersonar med omsyn til risikoprofil og førebygging. Helse Førde, kommunane og Høgskulen i Sogn og Fjordane har utvikla Samhandlingsbarometeret.no, som er ei nettside for publisering av data og informasjon om pasientstraumar og behandlingrater. Nettsida gjev styringsinformasjon til kommunane og spesialisthelsetenesta. Samhandlingsbarometeret skal føre til felles refleksjon og samarbeid om utvikling av tenestene, og dessutan vere til bruk i forskingsprosjekt.

3.4 Verksemdsmål

HiSF skal utvikle ny kunnskap bidrar til varig endring av praksis

3.4.1 Styringsparametrar

Kvalitativ styringsparameter:

- **Ny kunnskap som bidrar til varig endring av praksis**

3.4.2. Analyse

Høgskulen har eit tett samarbeid med offentlege forvaltningsaktørar og regionale styresmakter innanfor profesjonsfeltet ved høgskulen. Høgskulen har eit svært godt renommé for å utvikle forskingsbasert kunnskap som er relevant for praksisfeltet. Særleg har ein i dei store forskingsrådsfinansierte prosjekta Lærande regionar og ASK – Active Smarter Kids samarbeidd tett med skulesektoren og utdanningssektoren i Sogn og Fjordane. Kunnskapen frå forskinga om ulike behandlingmetodar og helsetenestene til sjukeleg overvekt har skapt ny kunnskap som har bidrege til ei endring av praksis. HiSF deltek elles i forskingsprosjekt både innan reiseliv, og innan eit VRI3-prosjekt i innovasjon, som har som føremål å jobbe tett med praksisfeltet for å legge til rette for kunnskapsbaserte endringar. Nokre fagmiljø har etablert forskningssirkklar med deltaking frå praksisfeltet, utdanning og forskning innanfor velferdsprofesjonane for å få innsikt i korleis kunnskap blir brukt og modifisert i møte med praksis. Samstundes kan ein kome tett på korleis erfaringsbasert kunnskap blir brukt og modifisert i utdanning og forskingsformidling.

Sektormål 4

Universitet og høgskular skal ha effektiv forvaltning av verksemda, kompetansen og ressursane i samsvar med samfunnsrolla

4.1 Verksemdsmål

Høgskulen skal ha høg kvalitet i økonomiforvaltninga

4.1.1 Styringsparametrar

| Kvantitative styringsparametrar (KD) | Resultat (tal i 1000) | | | Ambisjon |
|--|-----------------------|--------|------|----------|
| | 2012 | 2013 | 2014 | 2014 |
| Likviditetsgrad (omløpsmidlar/kortsiktig gjeld) | 2,3 | 2,2 | 2,1 | 2,2 |
| Endring avsettingar (tilgang/avgang i avsettingar) | -19 579 | -1 046 | 7468 | -10 000 |

Kvalitative styringsparametrar:

- Høgskulen skal ha langsiktig økonomisk planlegging, god økonomistyring og god kontroll på utgiftene
- God gjennomføring av budsjettet innanfor eit avvik på 1-2 % av tildelt ramme ved einingane
- Ingen merknader frå Riksrevisjonen

4.1.2 Analyse

Likviditetsgraden til høgskulen er god. Vi låg i 2014 noko lægre enn måлтаlet. Høgskulen valde i desember 2014 å gå inn med kr 6,5 millionar som eit tilskot til SISOF for å realisere prosjektet med utbygging av studentbustader og parkeringsplassar i Nedrehagen. Dermed auka tal parkeringsplassar under tak som er tilgjengelege for tilsette.

Langsiktige økonomiske prognosar skal støtte opp under institusjonen sine mål og strategiar. Langtidsprognosane skal vise trendar og gje ei vurdering av nivået på avsetjingane sett i samheng med institusjonen sine mål og strategiar. Resultata til høgskulen treffer godt med budsjettet.

Det har vore permisjonar i økonomiteamet i 2014. Det har likevel vore jobba mot å etablere høg kvalitet og gode prosedyrar innanfor rekneskapsområdet. Vi har tilsett ein ny medarbeidar innanfor rekneskap som startar i mars 2015.

Vi har gjennom året arbeidd med økonomisk styring, og forsøkt å samordne og forbetre støttesystema i den økonomiske planlegginga. Vi har kome opp med eit forslag til ny intern ressursfordelingsmodell. I tillegg har vi kjøpt modulen Agresso Planner.

Høgskulen har lite økonomisk slakk for å kunne handtere endringar i driftsnivået og studiepoengproduksjonen. Vi har gode informasjonsrutinar som sikrar at endringar som påverkar styringsparametrane, blir fanga opp tidleg slik at det er moglegg å gjere tilpassingar. Resultatet for 2014 er 0,8 mill. betre enn budsjettet. Vi budsjetterer detaljert, og det gir resultat i form av god økonomistyring.

Gjennomgangen av rekneskapen for 2014 viser at høgskulen sin økonomi er god, men vi har små marginar og må halde fram og følgje opp kritiske budsjettpostar. I høve til budsjettet

kostnadsramme syner den ordinære drifta for 2014 eit meirforbruk på kr 0,8 mill.. Dette utgjer under 1 % av budsjett og ligg godt innanfor normal uvisse. Når ein tek med mindreforbruk for 2013 på 7,4 mill., er det samla mindreforbruket i 2014 6,6 mill.

HiSF har hatt fokus på langsiktige økonomiske prognosar.

Det var ikkje merknader frå Riksrevisjonen.

4.2 Verksemdsmål

HiSF skal stå fram og vere kjent som ein kompetent, tillitsvekkjande og open organisasjon som har ein arbeidskultur prega av entusiasme og nytenking, gjensidig respekt og samarbeid

4.2.1 Analyse

Høgskulen har i 2014 handsama fleire store organisasjonssaker:

- **Strategisk plan 2014-2018**
- **Evaluert resultatet etter OU-prosessen 2010/2011**
- **Ny budsjettmodell**
- **HiSF i eit nytt uh-landskap (strukturemeldinga)**

Strategisk plan 2014-2018 vart vedteken i styret i juni 2014. Visjonen er ”Sikt høgare”. HiSF har høge ambisjonar og siktar mot å verte betre på alle felt. Særleg skal vi styrke utdannings- og forskingskvaliteten og måten vi jobbar saman på. Alle tilsette og studentar skal vere med i dette arbeidet. Vi skal ha ein velfungerande organisasjon med høg kompetanse.

I 2014 evaluerte vi resultatet etter OU-prosessen. Arbeidet starta på eit fagleg seminar for alle tilsette i januar der tilsette vart inviterte til å kome med innspel på kva vi skulle be om tilbakemelding på i organisasjonen. Det var nokre tilhøve som peika seg ut; instituttleiarrolla og administrative støttenester. Styret slutthandsama saka i juni 2014. Det konkrete resultatet vart oppretting av to nye institutt ved Avdeling for ingeniør og naturfag, og styrking av instituttleiarrolla gjennom fagleg understruktur og administrativ støtte.

Ei anna stor organisasjonssak har vore arbeid med ny intern budsjettmodell for HiSF. Arbeidet starta i 2013. Det vart gjort vedtak om ein modell som i første omgang er gjort gjeldande for budsjettarbeidet for 2015. Modellen må slutførast etter at ny sentral finansieringsmodell er vedteken.

HiSF har arbeidd aktivt med medverknad og medavgjerdsrett. Avdelingsråda vart formelt avvikla frå 01.01.14. Styret gjorde vedtak om at medverknad i høgskulen skal skje gjennom tillitsvaldssystemet både på avdelingsnivå og på sentralt nivå. Det er etablert system for informasjons- og drøftingsmøte ved alle avdelingar og for fellesadministrasjonen. Organisasjonane har delteke i utarbeiding av strategisk plan. Arbeidet med HiSF sin plass i eit nytt uh-landskap er ei sak som har vore drøfta i mange omgangar med tillitsvalde. Eit anna stort arbeid som starta våren 2014, var rekruttering til 16 åremålsstillingar; rektor, viserektorar, dekanar og instituttleiarar. Arbeidet skal vere slutført i april 2015. Studentar og tillitsvalde har vore representert i innstillingsutvala som skulle innstille til åremålsstillingar som rektor, viserektorar og dekanar.

Det er utarbeidd ny og moderne heimeside for HiSF i 2014.

4.3. Verksemdsmål

HiSF skal rekruttere og drive målretta kompetansebygging som sikrar eit høgt kompetansenivå, god kvalitet og profesjonalitet i alle delar av verksemda. Gjennom ein aktiv personalpolitikk skal vi styrke eit helsefremjande arbeidsmiljø, likeverd og likestilling

4.3.1 Styringsparametrar

| Styringsparametrar | Resultat | | | | Ambisjons-nivå | Gj. snitt statlege høgskular 2013 |
|---|----------------------|------|------|------|----------------|-----------------------------------|
| | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2014 | |
| Robuste fagmiljø | Kvalitativ vurdering | | | | | |
| Prosentdel førstestillingar | 35,7 | 36,4 | 37,8 | 34,6 | 40 | 45,8 |
| Del kvinner i undervisning, forskning og formidling | 50 | 51,9 | 50,3 | 58 | 50 | - |
| Del kvinner i dosent- og professorstillingar | 25 | 28,5 | 28,5 | 32 | 30 | - |
| Del kvinner i stipendiatstillingar | 53 | 55,3 | 75,5 | 81 | | - |
| Del kvinner i førstestillingar | 24,7 | 27,5 | 37,8 | 35,2 | 40 | 42,4 |
| Forholdstal fagelege og adm. årsverk | 2,7 | 2,6 | 2,6 | 2,6 | 2,3 | 2,2 |
| Del mellombelse stillingar eksklusiv åremål og stipendiatar | 16,5 | 16,3 | 17,7 | 18 | reduksjon | 13,8 |
| Sjukefråvær i % | 5,4 | 5,9 | 4,7 | 4,3 | 4,5 | - |

4.3.2. Analyse

Robuste fagmiljø

Høg kvalitet på undervisning, studiar, forskning, utviklingsarbeid og administrative tenester er eit viktig kjenneteikn ved ein god høgskule og robust fagmiljø. HiSF har arbeidd med å styrke fagmiljøet med eigne ressursar og i samarbeid med andre som t.d. UH-nett Vest og SAK prosessar.

Gjennom UH-nett Vest-samarbeidet og tildelte SAK-midlar i perioden 2010-13, har det vorte utvikla samarbeid om lærarutdanningane, inklusive barnehagelærarutdanninga, på Vestlandet. Vidare har vi styrka samarbeidet i det tidlegare etablerte nettverket innanfor TeknoVest, kome i gang med eit nyttig og godt biblioteksamarbeid og utvikla forskingssamarbeid med spesiell vekt på helse- og sosialfag i tilknytning til samhandlingsreforma.

HiSF har dei siste åra styrka forskingsinnsatsen betydeleg og hatt som mål å byggje meir robuste fagmiljø. Ut frå fagfelte våre har vi etablert fem strategiske forskingsprogram; idrettsforskning, læringsforskning, natur- og miljøvitskap, kunnskap i førstelinja og samhandling, innovasjon og styring i offentleg sektor. Det er vidare etablert eit forskingssenter innan helseforskning i samarbeid med Helse Førde. Dette er òg fagmiljø som utmerkar seg med høg kompetanse, god vitskapleg publisering, eksterne forskingsmidlar og god rekruttering. HiSF har knytt til seg professor II-stillingar som er tilsett ved dei andre UH-nett Vest institusjonane, som i tillegg til å tilføre høgskulen relevant og nyttig kompetanse, også bidreg til tettare samarbeid i UH-nett Vest. Vi har forskingsprosjekt innanfor områda NAV og rusforskning som resultat av UH-nett Vest samarbeidet.

Andre døme på prosjekt som heilt klart bidreg til å styrke og gjere fagmiljø meir robust, er dei tre store prosjekta finansiert av Norges forskingsråd (Lærande regionar, ASK- Active,

Smarter Kids- og RELEASE, samarbeidsprosjekt med Vestlandsforskning innan innovasjon). Det er òg fordelt fleire stipendiat og eigenfinansierte kvalifiseringsstipend som ledd i arbeidet med å gjere fagmiljøa våre meir solide.

Det er oppretta arbeidsgruppe for administrativt samarbeid i UH-nett Vest, der administrativt samarbeid skal vurderast og utgreiast. HiSF er også med i arbeidsgruppene utviklingsarbeid og avtalar, som skal sjå på malar for samarbeid om master og phd, og utvikling av digital kompetanse, som mellom anna skal sjå på campusbasert e-læring. Arbeidsgruppene har hatt møte hausten 2014. HiSF ser positivt på vidareutvikling av arbeid innanfor desse områda. Vi trur dette også kan styrke fagmiljøa.

Vi hadde målsetting om 40 % førstestillingar i HiSF i 2014. Dette målet nådde vi ikkje. Det har dei siste åra vore ein jamn auke i delen førstestillingar ved høgskulen, men frå 2013 til 2014 var det ein nedgang frå 37,8 % til 34,6%. Vi har hatt ein auke i tal tilsette, men har ikkje lykkast med å rekruttere ny medarbeidarar med førstekompetanse i tilstrekkeleg grad. Samstundes har mange av dei som går av med pensjon førstekompetanse.

Forholdstalet mellom faglege og administrativt årsverk har lege jamt på 2,6 dei siste åra. Vi hadde mål om å redusere dette talet til 2,3 i 2014, men den målsettinga oppnådde vi ikkje. Det er i 2014 gjort nokre grep i forhold til tal administrativ stillingar som vil betre forholdstalet mellom fag og administrasjon. Dette vil først gi utteljing i 2015.

Tal kvinner i dosent og professorstillingar

Tal kvinner i kvinner i dosent- og professorstillingar utgjer i 2014 32 %, som viser ein fin auke frå 28,5 % i 2013. Utviklinga dei siste åra viser at dette talet har auka jamt. Vi hadde som målsetting å oppnå 30 % i 2014, noko vi innfrir med god margin. HiSF har som mål å auke tal kvinner i dei akademiske toppstillingane, jf. handlingsplan for likeverd og likestilling. Å bygge professor- og dosentkompetanse er eit arbeid som tek tid og må jobbast med i eit langsiktig perspektiv. HiSF har ein høg prosentdel kvinner i stipendiatstillingane (81 % i 2014). På sikt håpar vi dette vil bidra til fleire kvinner i dei akademiske toppstillingane.

Mellombels tilsette

Høgskulen i Sogn og Fjordane har hatt ein høg prosentdel mellombels tilsette enn snittet av høgskulane. HiSF hadde som mål å redusere talet mellombelse tilsettingar i 2014, men vi ser likevel at vi har hatt ein liten auke frå 2013 til 2014. Vi ser at det er spesielt to forhold som utfordrar målet om å redusere mellombelse stillingar i HiSF. Det eine er den offensive satsinga på kompetanseheving gjennom forskings- og kvalifiseringsstipend. Fast tilsette får stipend eller auka fou-tid nokre månader eller eitt år. Dette aukar bruken av vikariat. Det andre forholdet er rekrutteringssituasjonen spesielt innafor nokre fagmiljø, som helsefag. Situasjonen er framleis slik at særleg Avdeling for helsefag, må gjere bruk av mellombelse tilsettingar som høgskulelærer (uh-lova § 6.5) fordi det ikkje melder seg søkjarar som tilfredsstillir krava til høgskulelektor.

Høgskulen har arbeidd med å redusere omfanget av mellombelse tilsette ved å fokusere på problemstillinga og ved opplæring i lovverket. For å få til ei meir målretta og bevisst haldning til mellombelse tilsettingar i HiSF vart det i siste halvdel av 2014 starta arbeid med å utarbeide ein handlingsplan for å redusere tal mellombelse tilsette.

Inkluderande arbeidsliv – sjukefråvær

Det samla sjukefråværet (eigenmeldt og legemeldt) i HiSF for 2014 var 4,3 %, som er ein nedgang frå 2013, då sjukefråværet var 4,7%. Målsettinga for 2014, som var å redusere sjukefråværet til 4,5 %, er oppnådd. Det samla talet for sjukefråvær i HiSF har gått nedover dei siste åra. Vi har hatt tett oppfølging av sjukmelde, og ser at dette gir resultat.

Sjukefråværet for kvinner er høgare enn for menn, og dette gjeld i alle stillingskategoriar.

Høgast sjukefråvær er det blant kvinner i driftsstillingar. Bruken av gradert sjukmeldingar er godt nytta i organisasjonen.

HiSF er IAverksemd og har utarbeidd aktivitetsplan for IA-arbeidet. HiSF har medlemskap for alle tilsette i bedriftshelseteneste. Denne tenesta vert spesielt nytta i førebyggingsarbeidet. I 2014 fekk alle tilsette tilbod om helsekonsultasjon utført av sjukepleiar eller fysioterapeut. I tillegg har vi samarbeid med NAV. Oppfølging av høgskulen sitt systematiske HMS-arbeid skjer gjennom medarbeidarsamtalar og vernerundar. HiSF jobbar jamt med å styrke leiarane sin kompetanse på HMS-området, ved t.d. å ha dette som fast tema på leiarmøta.

B: Samfunn og effektmål for byggeprosjekt

HiSF flytta inn i eit nybygg i Sogndal sommaren 2012. Dette var byggesteg 2 i ein plan med ei ramme på 22.000 m² som vart vedteke tidleg på 2000-talet. Bygget har fått ei sentral plassering og er eit knutepunkt for bygningsmassen til høgskulen i Sogndal. I samband med prosjekteringa av bygget vart det sett opp ulike effektmål:

- Eit betre og meir attraktivt studiemiljø ved at ein samlar alle høgskuleaktivitetane i Sogndal på Fosshaugane Campus
- Eit betre læringsmiljø ved at man får meir funksjonelle undervisningsrom, fleire grupperom og felles bibliotek/ læresenter
- Betre servicetenester for studentane ved å samlokalisere kantine, studenttorg, velferdstenester og lokale for studentdemokratiet.
- Meir rasjonell drift av høgskulen ved å samle administrasjon, studentekspedisjon, bibliotek, kantine og teknisk drift.
- Meir sambruk og betre utnytting av alle høgskulen sine lokale som er tilgjengelege på Fosshaugane campus
- Betre utnytting av samla infrastruktur/ lokale på heile Fosshaugane Campus ved sambruk mellom idrettslag, vidaregåande skule, Vestlandsforskning og høgskulen.

Høgskulen har opplevd ein betydeleg auke i søkjartal i perioden 2008 til 2014. I 2008 hadde høgskulen 687 primærsøkjjarar på 672 plassar. I 2014 var det 1216 primærsøkjjarar på 811 plassar. Høgskulen kjem godt ut av ulike undersøkingar om studenttilfredsheit. Innføring av elektronisk bookingsystem har gjort det meir effektivt å utnytte ledige romressursar i heile bygningsmassen. Sidan tre bibliotek vorte samla til eitt, har ein kunne utvide opningstidene og styrke servicenivået overfor brukarane.

Nybygget har vorte ein suksess, og både studentar og tilsette er godt nøgd med fasilitetane.

Samstundes har høgskulen auka tal studentar og tilsette dei siste åra, og vi har no for lite areal både i nybygget og generelt, i både Sogndal og Førde.

HiSF har kome eit steg vidare med tredje byggjesteget i Sogndal. Seint på hausten 2014 kjøpte Statsbygg Gymnasbygget av Sogn og Fjordane fylkeskommune. Gymnasbygget har ei strategisk plassering i høve til resten av bygningsmassen og vil vere avgjerande for at høgskulen skal nå målet om ein effektiv og intim Campus. Gymnasbygget skal innehalde kontor og undervisningsrom. Målet er at det skal vere klar for innflytting innan tre år. Korte avstandar mellom bygg vil gjere at vi kan utnytte romkapasiteten i endå større grad enn i dag. Samstundes vil høgskulen gå ut av eldre bygningsmasse med veikskapar ved tekniske installasjonar og mangel på universell utforming.

HiSF i Førde opplever ei positiv utvikling med auka studenttal både på ingeniør- og sjukepleieutdanningane. Dette fører til press på areal, både på undervisningsrom og kontor. Høgskulen har hausten 2014 engasjert Statsbygg for å hjelpe til med kartlegging og vurdering av tiltak for å auke kapasiteten. I første omgang innanfor eksisterande bygningsmasse, etterkvart også som utviding av bygningsmasse.

C: Samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon (SAK)

HiSF vert ikkje tildelt egne SAK-midlar. Men det har i fleire år vorte tildelt slike midlar til bruk for felles arbeid for dei fem (no: seks) institusjonane som samarbeider innanfor høgare utdanning og forskning på Vestlandet gjennom nettverket UH-nett Vest.

UH-nett Vest vart ikkje tildelt SAK-midlar for 2014. Men SAK-løyvinga for 2013 kom så seint på året at nettverket har nytta SAK-midlar til fleire ulike formål i 2014. I alt vart vel 1,3 mill. kroner fordelt til bruk i 2014. Det er brukt ca. kr 864.000. Restmidlane, kr 448.000 er overførte til bruk i 2015.

Utgiftsførte generelle SAK-midlar i 2014 i UH-nett Vest har vorte nytta til samarbeid innanfor det næringsretta teknologisamarbeidet TeknoVest (kr 400.000), som i tillegg til UH-nett Vest også omfattar UiAgder, Sjøkrigsskolen og Hi Ålesund, til felles forskingsprosjekt i sosialfag (kr 400.000) med vekt på barnevernsforskning, til biblioteksamarbeid (kr 400.000) og til lærarutdanningssamarbeid (kr 111.000).

Dei øyremerkte SAK-midlane til utvikling av barnehagelærarutdanninga på Vestlandet vart alle tildelte for 2013. Forbruket i 2014 har vore vel kr 860.000. Det står att kr 450.000.

SAK-midlane som UH-nett Vest har vorte tildelte i perioden 2010-13, har vore svært viktige for å utvikle samarbeidet om lærarutdanningane, inklusive barnehagelærarutdanninga, på Vestlandet, styrke samarbeidet i det tidlegare etablerte nettverket innanfor TeknoVest, kome i gang med eit nyttig og godt biblioteksamarbeid, og utvikle forskingssamarbeid med spesiell vekt på helse- og sosialfag i tilknytning til samhandlingsreforma. Ved hjelp av SAK-midlar har det òg vorte oppretta eit forskarnettverk for nynorskforskning mellom UH-nett Vest-institusjonane.

Vi viser elles til årsmeldinga frå UH-nett Vest.

D: Midlar tildelt over kap. 281

HiSF fekk i 2014 tildelt kr 2.000.000 til etter- og vidareutdanning av lærarar, ei overføring av midlar frå kap.281 post 01. Midlane er brukt /tenkt brukt i tråd med regjeringa si satsing på skulebasert kompetanseutvikling. Midlane vil bli nytta inn mot ungdomstrinnsatsinga som vi allereie var i gang med i fylket. Det er eit tilbod som vi gir dei fire regionane i fylket (Sunnfjord, Nordfjord, Sogn og HAFS), men som ikkje var fullfinansiert før vi begynte.

Vi har no lagt opp til ei tettare oppfølging av skulane som er med på denne satsinga, der alle no skal få ekstra undervisning/samlingar. I tillegg har vi tilsett ein person i 30% administrativ stilling som skal følgje opp dette arbeidet. Vi har også starta opp vidareutdanning i Klasseleiing både i Sunnfjord- og i HAFS-området, noko som var sterkt etterspurd etter at ungdomstrinnsatsinga var ferdig gjennomført i desse regionane.

Midlane er tenkt å bli nytta slik, i perioden 2014-2016:

Ekstra ressursar retta mot ungdomstrinnsatsinga, der ressursane er nytta til arbeidstimar til fagtilsette og reiseutgifter:

- HAFS-regionen ekstra 200 000 kroner (ferdig 2014)
- Sunnfjord-regionen ekstra 200 000 kroner (ferdig: 2014/2015)
- Nordfjord-regionen ekstra 200 000 kroner (ferdig: 2015/2016)
- Sogne regionen ekstra 200 000 kroner (ferdig: 2016)

VU i Klasseleing 15 stp. i Sunnfjord (90 deltakarar) kostnad kr 300 000 (ferdig: 2014)

VU i Klasseleing 15 stp i HAFS-området (50 deltakarar) kostnad: kr 150 000 (ferdig: 2015)

Adm. ressursar til å følgje opp dette arbeidet: kr 600 000 (over 3 år 2014-2016)

Ikkje endeleg planlagde kurs: 150 000

IV. Styring og kontroll i verksemda

A: Overordna vurdering

Styret i HiSF har utarbeid internkontrolltiltak som skal sikre at verksemda når dei tre målsettingkriteria:

- målretta og effektiv drift
- påliteleg rapportering
- overheld lover og reglar

For at HiSF skal kunne ivareta desse målsettingskriteria og kunne gjennomføre samfunnsoppdraget og føringane som er gitt i tildelingsbrevet, har styret ved høgskulen vurdert følgjande:

Kontrollmiljø

HiSF har ei tydeleg organisering med definerte roller og ansvar. Budsjettansvar og ansvar for internkontrollen på avdelingane og seksjonane, er tydeleg definert gjennom stabs- og linjefunksjonar.

Risikostyring


I høgskulen sitt arbeid med risikostyring har vi teke utgangspunkt i det overordna risikobilete (sjå modell nedanfor). Gjennom dette synleggjer vi både arbeidet med risiko og risikostyring, samt nåverande risikobilete.

Styret i HiSF har tidlegare handsama ei eiga sak om risikostyring. I denne saka vart det peikt ut fem område som skulle prioriterast med omsyn til risikostyring. Desse er:

1. Rekruttering av studentar
 - a. God studiekvalitet
 - b. Godt studiemiljø
2. Rekruttering av medarbeidarar – rekruttere og utvikle fagleg tilsette
3. Kompetanse og FoU - fokus på kvalitet
4. Ekstern samhandling
5. Økonomisk robust organisasjon


Dette synleggjer eit bilete av HiSF sine overordna utfordringar og kva som blir vurdert som risikoområde i forhold til HiSF sine hovudmålsettingar i høgskulen si strategi. Modellen nedanfor viser også kva for dimensjonar vi ser for å være mest kritiske i forhold til vårt ansvar for å svare på samfunnsoppdraget.

Overordna risikovurdering ved HiSF



Figur 3: Overordna risikovurdering ved HiSF

DFØ sine modellar for risikostyring vert nytta som grunnlag i arbeidet vårt. Figur 4 skildrar modellens innhald og logikk.



Figur 4: Handtering av risiko i mål- og resultatstyringa

Involverte i prosessen

I tildelingsbrevet går det fram at risikostyring skal vere integrert i mål- og resultatstyringa.

Styret har ansvar for at det blir etablert eit system for risikostyring som omhandlar:

- Vurdering av akseptabel risiko
- Risikoelement som det skal takast omsyn til etter at akseptabel risiko er vurdert
- Vurdering av risikostorleik for kvart risikoelement
- Tiltak for å redusere risiko
- Vurdering av restrisiko etter at tiltaket er satt i verk

Kontrolltiltak

HiSF har etablert kontrollaktivitetar som reduserer risikoar til eit akseptabelt nivå. Høgskulen har kontrolltiltak for at lover og reglar blir følgde. Vi har innført ei arbeidsdeling der fleire er involverte i økonomiske transaksjonar, og vi gjennomfører ein relativt detaljert gjennomgang av rekneskapet i ettertid, der større avvik frå budsjettet må forklarast. Dette betyr at risikoen for å bli oppdaga klart er til stades. Det vil vere vanskeleg å få til eit underslag i HiSF utan at fleire samarbeider.

Dei kontrollrutinane vi har gjennomgått så langt, bygger på at fleire har eit forhold til ei ”arbeidsoppgåve” og at det (systemet) er sjølvkontrollerande. Dette kan gjelde både tilhøve knytt til økonomiforvaltning, men òg til HMS-arbeid der tillitsvalde/verneombod har ei viktig rolle. Men skal denne sjølvkontrollen fungere, må det vere ein kultur for å varsle dersom nokon opptrer på ein uakseptabel måte.

Dette gjeld spesielt dersom leiarar gjer seg skuld i misbruk av stillinga si på ein eller annan måte. Det kan vere vanskeleg for ein underordna å protestere dersom ein leiar kjem med eit pålegg som er tvilsamt i høve til overordna reglar og vedtak. Det er viktig å vere tydeleg på at det ikkje berre er lov å varsle, men at det også er forventa.

Informasjon og kommunikasjon

Høgskulen har ei nettside som fungerer godt for å kommunisere ut informasjon til alle i organisasjonen. Saksutgreiing og vedtak for styresaker og andre råd og utval blir publisert og gjort kjent. Rektor si oppfylgning av styrevedtak og at institusjonen driv i samsvar med dei overordna mål og føringar som departementet og styret set. Det er difor viktig at mål og ansvar for styring og kontroll internt blir informert/kommunisert i organisasjonen og deretter følgt opp.

HiSF tilfredsstillar også kravet til relevant regnskapsrapportering både internt til styret og til departementet. Høgskulen har ikkje hatt merknader frå Riksrevisjonen og heller ikkje har hatt overskridingar av budsjettet. Vi legg til grunn at risikovurdering og internkontroll er tilfredsstillande ivaretatt i HiSF.

B: Likestilling, diskriminering og tilgjenge

HiSF har nytta Universitet og høgskulerådet (UHR) sin mal for rapportering på likestilling. Rapporteringa er lagt ved som eige vedlegg; «Høgskulen i Sogn og Fjordane - oppfølging av aktivitets- og redegjæringsplikten etter likestillingsloven - 2014».

C: Auke av tal lærlingar i statsforvaltninga

Vi har i mange år hatt *ein* lærling i IKT-faget. Vi har no auka til to lærlingar og tek opp ein lærling pr. år.

D: Samfunnssikkerheit og beredskap

Krise- og beredskapsplanen vart revidert i 2014. Hausten 2014 planla vi felles opplæring i krise og beredskapsarbeid. Vi gjekk inn avtale med Sivilforsvaret som ønskte å bidra i dette arbeidet. Opplæring og øving skjedde i januar 2015. Øvinga gav oss nyttig kunnskap og medvit om kva vi må gjere vidare. Vi held fram arbeidet i 2015. Det er oppretta ei prosjektgruppe som skal arbeide vidare med planen og lage konkrete planar for evakuering, rollebeskriving og informasjon. Vi skal gjennomføre ny ROS-analyse i 2015.

E: Fellesføring 2014: Redusere og fjerne tidstjuvar i forvaltninga

Det vart rapportert om tidstjuvar til departementet i 2014.

Gjennom teamorganiseringa av administrasjonen, samansett av tilsette på tvers i organisasjonen, skal vi sikre kunnskapsdeling, informasjonsflyt og unngå dobbeltarbeid.

Datasystem kan vere ein tidstjuv. Omleggingar som er gjort i SAP/ESS er kilde til frustrasjon og tek mykje tid. Spesielt leiarmodulen er tungvint og vert ikkje opplevd som forenkling og forbetring etter oppgraderinga som skjedde i 2014.


Område vi ser vi vil arbeide vidare med, er:

- Møtestruktur
- Gjennomgang av rutinar kring refusjonar og reiserekningar
- Rutinar knytt til tilsettingsprosessen

Arbeidet med Årsrapporten hadde vore enklare dersom ein samla rapportering- og plandelen på dei ulike sektormåla under eitt.

V. Vurdering av framtidsutsikter

A: Planar



Sektormål 1

Høg kvalitet i utdanning og forskning

1.1 Verksemdsmål

Høgskulen skal rekruttere mange kompetente og motiverte studentar til utdanningane. Høgskulen skal ha særleg fokus på regional rekruttering til profesjonsutdanningane og nasjonal rekruttering til utdanningar innan idrett/friluftsliv og energi/ressursar/miljø

1.1.1 Styringsparametrar

| Styringsparametrar | Resultatutvikling | | | | Målsetjing | Gj.snitt statlege høgskular 2014 |
|---|-------------------|------|------|------|------------|----------------------------------|
| | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | |
| Primærsøkjarar gjennom Samordna Opptak | 1167 | 1285 | 1576 | 1216 | 1600 | |
| Primærsøkjarar per utlyst studie plass i SO-opptaket | 1,44 | 1,66 | 1,79 | 1,48 | 1,75 | 2,15 |
| Gjennomsnittskarakter nye frammøtte studentar via SO | 3,81 | 3,89 | 3,90 | 3,92 | 3,95 | 4,05 |
| Nye studentar rekruttert gjennom SO | 846 | 853 | 942 | 840 | 950 | - |
| Nye studentar rekruttert utanom SO | 728 | 711 | 637 | 791 | 750 | - |
| %-del av nye studentar frå SFj som byrja ved HiSF (SO) | 27,2 | 23,7 | 24,5 | 20,3 | 25,0 | - |
| %-del nye HiSF-studentar som er frå andre fylke enn SFj (SO) | 59,6 | 67,1 | 67,0 | 68,8 | 65,0 | - |
| Høgskulen sitt faglege omdøme som viktig grunn for å velje studieprogram. Skår på studiebarometeret.no* | | | 3,6 | 3,8 | 3,9 | |

*Kjelde: Studiebarometeret.no. NOKUT 2014.

1.1.2 Analyse

Vi har som målsetjing for 2015 å ha minst like god rekruttering av nye studentar som i 2013. Nedgangen i tal søkjarar via SO i 2014 hadde i stor grad samanheng med deltidsstudium som vi berre tilbyr annakvart år. I 2015 er tilbodet på line med 2013 og vi har ambisjonar om å nå det rekordhøge talet på søkjarar vi hadde då. Vi tilbyr noko fleire studie plassar i 2015, slik at tal primærsøkjarar per utlyst studie plass vil bli lægre enn i 2013 sjølv om vi når målsetjinga.

Vi har målsetjing om at inntaksnivået målt i karaktersnitt frå vidaregåande skule skal halde fram med å auke, slik at vi etter kvart når gjennomsnittet for dei statlege høgskulane. Mange nok søkjarar og rett tal tilbod i hovudopptaket er avgjerande for å nå dette målet.

Vår høgskule merkjer seg ut med at ein svært stor del av grunnutdanningsstudentane kjem utanfrå det geografiske primærområdet. I 2014 hadde nær 69% av grunnutdanningsstudentane heimstadsadresse utanfor Sogn og Fjordane. Mange unge studentar flytter til studiestadane våre for å bli heiltidsstudentar. Vi meiner dette er resultat av nøgde studentar, godt omdøme, tydeleg profilering og målretta og tidsrett rekrutteringsarbeid. Vi er heilt avhengig av å lukkast i dette arbeidet også framover for å halde posisjonen.

I tillegg må vi auke rekrutteringa frå Sogn og Fjordane og nærområda elles, særleg til profesjonsutdanningane og tilhøyrande vidare- og masterutdanningar. Her støyter vi på utfordringar i form av sterk konkurranse frå studiestaden Bergen og i den demografiske utviklinga i Sogn og Fjordane. Marknadsdelen vår i Sogn og Fjordane (kor stor del av dei som byrja i høgere utdanning som valde vår høgskule) var lægre i 2014 enn tidlegare. Dette skuldast i nokon grad variasjon i tilbod om deltidstudanningar, men det ligg også ei utfordring for høgskulen om å vere attraktiv for lokale søkjarar.

Høgskulen i Sogn og Fjordane har siste åra rekruttert godt nok til at alle studieplassar har vore fylte. Svikt i studentrekrutteringa vil vere svært alvorleg for høgskulen, og det blir arbeid med ei rekkje tiltak for framhald i den positive utviklinga.

1.1.3 Tiltak

1. Auka vekt på nasjonal rekruttering til alle utdanningane, med særleg fokus på idrett/friluftsliv og energi/ressursar/miljø.
2. Auka vekt på regional rekruttering særleg til profesjonsutdanningar, master- og vidareutdanningar.
3. Grunnskulelærerutdanninga skal ha særskild merksemd i rekrutteringsarbeidet, mellom anna med regionalt samarbeid om samlingsbaserte GLU-tilbod.
4. Arbeide for betre kjønnsbalanse i fleire av utdanningane.
5. Vidareutvikle marknadsføringa av utdanningane gjennom bruk av studentambassadørar og digitale kommunikasjonskanalar.
6. Bygge høgskulen sitt omdømme med tydeleg profil, relevante utdanningar med god kvalitet, nært samarbeid med praksisfelt og nøgde studentar.
7. Samarbeid med relevant samfunns- og næringsliv om rekruttering av studentar.

1.2 Verksemdsmål

Høgskulen skal ha studentar som lukkast i utdanningane. Vi skal vere blant høgskulane med best gjennomstrøyming og høgast poengproduksjon per heiltidsekvivalent

1.2.1 Styringsparametrar

| Styringsparametrar | Resultatutvikling | | | | Målsetjing | Gj.snitt statlege høgskular 2014 |
|---|-------------------|--------|--------|--------|------------|----------------------------------|
| | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | |
| Totalt studenttal per 1.10 | 3658 | 3831 | 3678 | 3887 | 3800 | - |
| Eigenfinansierte heiltidsekvivalentar 1.10 | 2624 | 2797 | 2854 | 2967 | 2950 | - |
| Studiepoeng per heiltidsekvivalent | 50,6 | 50,8 | 52,4 | 51,0 | 51,0 | 48,7 |
| Eigenfinansiert studiepoengproduksjon (60-poengeiningar) | 2212,8 | 2368,0 | 2493,6 | 2520,9 | 2510 | - |
| Kandidatproduksjon | 460 | 527 | 637 | 645 | 660 | - |
| Gjennomføring i samsvar med avtalt utdanningsplan (%) | 91,5 | 88,7 | 91,4 | 89,6 | 91,0 | 87,6 |
| Gjennomføring på normert tid for bachelorkandidatar 2012-kullet (%) | 62,2 | 57,4 | 61,5 | 61,1 | 63 | 52,6 |
| Gjennomføring på normert tid for masterkandidatar 2013-kullet % | | | | 59,1 | 60 | 34,8 |
| Del uteksaminerte kandidatar tekne opp på doktorgrads-program seks år tidlegare | | | | 75 | 100 | |
| Tal avlagde doktorgrader | 5 | 2 | 4 | 3 | 5 | |
| Kandidatmål sjukepleie | | | | 122 | 110 | |
| Kandidatmål vernepleie | | | | 28 | 21 | |
| Kandidatmål BLU | | | | 20 | 35 | |
| Kandidatmål GLU 1-7 | | | | 26 | 30 | |
| Kandidatmål GLU 5-10 | | | | 18 | 26 | |
| Kandidatmål PPU | | | | 92 | 48 | |
| Kandidatmål AOI | | | | | 11 | |

1.2.2 Analyse

Det samla studenttalet er venta å gå ned noko som følgje av at samarbeid med eksterne aktørar om studietilbod i utlandet er avvikla. Noko av reduksjonen har vi som målsetjing å kompensere med auka studenttal på andre studieprogram. Konsekvensane for studiepoengproduksjonen reknar vi med vil vere marginale, under føresetnad av at vi held oppe god gjennomstrøyming med høg studiepoengproduksjon per heiltidsekvivalent på dei ordinære studieprogramma.

Kandidatproduksjonen er venta å auke noko, dels som følgje av relativt store kull i bachelorutdanningane og dels fordi fleire nyetablerte masterprogram no byrjar produsere kandidatar. Vi reknar med å nå dei fastsette kandidatmåltala for einskildutdanningar.

Gjennomføring av utdanningane i samsvar med utdanningsplan og på normert tid er svært viktig, og vi satsar mykje på å halde oppe dei gode resultatane på minst same nivå som før. Dei tala som vi presenterer for gjennomføring i masterprogramma våre er andre enn dei som går fram av KD-portalene i dbh. Skilnaden ligg først og fremst i masterprogrammet i idrettsvitskap, der Norges idrettshøgskole er vitnemålgjevande institusjon. I KD-portalene vert tal studentar som byrja utdanninga registrert på vår høgskule, medan kandidatane berre vert registrert på NIH. I vår styringsparameter her, har vi også teke med kandidatar som fullførte utdanninga på normert tid og fekk vitnemål frå NIH. Det gir eit resultat for gjennomføring på masternivå som ligg langt over gjennomsnittet både for høgskulane og for sektoren samla.

HiSF har ikkje eigne doktorgradskandidatar, men har finansiert 12 doktorgradsheimlar frå Kunnskapsdepartementet der ein er øyremerka helse- og sosial, lærarutdanning og ingeniørfag). HiSF har difor hatt samarbeidskandidatar med doktorgradsgjevande institusjonar både nasjonalt og også internasjonalt i aukande grad. Høgskulen har hatt god gjennomstrøyming på doktorgradskandidatane. Det er likevel grunnlag for å følgje dette tett opp framover både gjennom klare forventningar og retningslinjer til doktorgradskandidatane som er finansierte av HiSF, gjennom tildeling av interne rettleiarar for samarbeidskandidatar, og ved å inkludere stipendiatane i gode forskingsgrupper med ein etablert kultur for fagleg oppfølging og gjennomføring. HiSF har ei målsetting om at alle samarbeidskandidatar tekne opp på doktorgradsprogram seks år tidlegare, skal ha disputert.

Tiltak

1. Nytte høgskulen sitt kvalitetssystem i arbeidet med utvikling av utdanningane.
2. Følgje opp NOKUT sine tilbakemeldingar etter evaluering av kvalitetssystemet. Auka fokus på programkvalitet vil vere prioritert oppgåve.
3. Tett oppfølging av studentane, mellom anna med gode og hyppige tilbakemeldingar og gjennomføring av utdanningsamtale.
4. Vidareutvikle eit stimulerande læringsmiljø med god tilrettelegging og fokus på gode arbeidsvanar.
5. Vidareutvikle studiestartprogrammet, også med bruk av «faglege fadderar».
6. Vidareutvikle studentaktive læringsformer.
7. Ta i bruk nye og fleksible undervisningsformer
8. Ha fokus på kvalitet i sensurarbeid og karaktersetjing.
9. Vidareutvikle kvaliteten på støttetjenestene, mellom anna tilbodet om karriererettleiing.

1.3 Verksemdsmål

Høg utdanningskvalitet, tett oppfølging og eit stimulerande og trygt læringsmiljø skal vere varemerke for HiSF

1.3.1 Styringsparametrar

| Styringsparametrar | Resultatutvikling | | | | Ambisjonsnivå | Gj.snitt statlege høgskular |
|---|-------------------|------|------|------|---------------|-----------------------------|
| | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2014 |
| Studentar per fagleg årsverk | 18,7 | 19,7 | 17,7 | 18,1 | 17,5 | 17,8 |
| %-del kandidatar som seier dei er svært godt eller godt nøgde med studieopphaldet ved HiSF* | 89 | 87 | 88 | 90 | 90 | - |
| %-del kandidatar som meiner arbeidstilhøve ved HiSF var gode eller svært gode* | 67 | 71 | 67 | 71 | 80 | - |
| Skår på studiebarometeret.no på spørsmål om kor tilfreds studentane er med eige læringsutbytte | | | 3,7 | 3,8 | 3,9 | 3,7 |
| Skår på studiebarometeret.no på indeksen om undervisning og rettleiing** | | | | 3,7 | 3,8 | 3,3 |
| Skår på studiebarometeret.no når det gjeld kor nøgd studentane, alt i alt, er med eige studieprogram. ** | | | 4,3 | 4,3 | 4,4 | 4,0 |
| Skår på studiebarometeret.no på spørsmål om kor tilfreds studentane er med bibliotek og bibliotektenester | | | 4,4 | 4,4 | 4,5 | 4,1 |
| Skår på studiebarometeret.no på spørsmål om kor tilfreds studentane er med ikt-tenestene | | | 4,1 | 3,9 | 4,1 | 3,7 |

*Kjelde: Årlege kandidatundersøkingar. Respondentane er uteksaminerte kandidatar frå fleirårige studium og PPU som svarar eit halvt år etter at utdanninga er avslutta.

** Kjelde: Studiebarometeret.no. NOKUT 2014.

1.3.2 Analyse

Tal studentar per fagleg årsverk er høgt og har auka noko siste året. Dette er ei utfordring i forhold til ambisjonane om god og tett oppfølging av studentane. Høgskulen blir utfordra på tilstrekkeleg ressursar for å auka forskingsaktiviteten, og dette kan få konsekvensar med tanke på utdanningskvalitet.

Høgskulen får svært gode tilbakemeldingar frå studentane både i nasjonale undersøkingar (studiebarometeret og SHoT) og i eigne kandidatundersøkingar. I dei nasjonale

undersøkingane ligg fleire av studieprogramma i landstoppen, og vi skårar svært høgt både på rettleiing og tilbakemelding til studentane, på samla vurderingar av eige studieprogram, på læringsmiljø og støttetjenester. Dette er den beste marknadsføringa høgskulen kan få, og avgjerande for høgskulen sitt gode omdøme blant studentane.

Vi vurderer det slik at det er ein nær samanheng mellom dei gode tilbakemeldingane frå studentane på studiekvalitet, tilbakemeldingar og læringsmiljø og dei gode resultatane på gjennomstrøyming med mange studentar som fullfører utdanningsprogramma på normert tid. Vi legg difor stor vekt på tilbakemelding frå studentane og har ambisjonar om å liggje klårt over landsgjennomsnittet på desse parametranne også i åra som kjem.

Dei gode tilbakemeldingane frå studentane saman med god gjennomstrøyming og nært samarbeid med praksisfelt og relevant arbeids- og næringsliv, gir grunnlag for ambisjonar om eit senter for framifrå utdanning (SFU).

1.3.3 Tiltak

1. Verdsetje og stimulere «den gode læraren» med krav om pedagogisk utdanning, tilbod om opplæring og tilstrekkelege ressursar til god undervisning.
2. Utvikle høg utdanningskvalitet med hjelp av profesjonelle støttetjenester og tydeleg utdanningsleiing, særleg på programnivå.
3. Gi tett oppfølging til den einskilde studenten med tydelege krav, gode og hyppige tilbakemeldingar og utdanningssamtalar
4. Utvikle gode og brukarvenlege studenttenester, mellom anna med utvida tilbod om studie- og karriererettleiing.
5. Vidareutvikle bruk av e-læring og digitale verktøy i undervisning og læringsarbeid, og møte studentane sine forventningar til ein moderne høgskule med høg kvalitet.
6. Auke medvitet om etikk og normer i academia, mellom anna med opplæring i kritisk kjeldebruk og kunnskap om plagiering.
7. Vidareutvikle det tette samarbeidet med studentorgana med kontaktutval, «Tett på-konferanse» og andre samarrangement, og med sikte på å ha landets beste læringsmiljø.
8. Vidareutvikle samarbeidet med studentsamskipnaden og vertskommunane om gode bu- og levevilkår for studentane.
9. Nytte resultatane frå studiebarometeret.no og eigne kandidatundersøkingar som kunnskapsgrunnlag for vidare utvikling av utdanningskvaliteten.
10. Vurdere grunnlaget for å søkje om Senter for framifrå utdanning.

1.4 Verksemdsmål

Høgskulen skal styrke internasjonal aktivitet, ha fokus på kvalitet og vere ein attraktiv partner for internasjonalt samarbeid

1.4.1 Styringsparametrar

| Styringsparametrar | Resultatutvikling | | | | Ambisjonsnivå | Gj.snitt statlege høgskular |
|--|-------------------|------|------|------|---------------|-----------------------------|
| | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2014 |
| Utvekslingsstudentar | 111 | 82 | 75 | 90 | 110 | - |
| Studentmobilitet Erasmus+ | | | | 30 | 43 | - |
| Tilsettmobilitet Erasmus+ | | | | 10 | 20 | - |
| Skår på studiebarometeret.no på spørsmål om HiSF legg godt til rette for utveksling til utlandet** | | | 3,0 | 3,0 | 3,5 | 3,2 |

* Tala gjeld studieår

** Kjelde: Studiebarometeret.no, NOKUT 2014

1.4.2 Analyse

Høgskulen har hatt relativt låg aktivitet på internasjonalisering og skårar under gjennomsnittet på studiebarometeret.no når det gjeld informasjon og tilrettelegging for utveksling til utlandet.

Styret har vore opptekne av at dette må bli betre, og siste tida har vi arbeidd med ein plan for strategi og tiltak med sikte på betre tilrettelegging og ein tydelegare internasjonal profil i både utdanning og forskning. Planen blir lagt fram for styret i første halvår 2015.

Ambisjonen er at internasjonalisering skal vere ein integrert del av verksemda vår, og vi skal drive internasjonalisering og ha mobilitet for å heve kvaliteten. Engelskspråklege tilbod skal integrerast i programma, og studentar og tilsette skal møte ein internasjonal dimensjon i arbeidet ved høgskulen.

1.4.3 Tiltak

1. Styrke organisering og løyve ressursar til tilsette som engasjerer seg i internasjonalt arbeid
2. Etablere internasjonaliseringsstipend innan FoU
3. Styrke det administrative støtteapparatet
4. Opprette fagtilbod på engelsk som er integrert i grunnutdanningane
5. Integrere ein internasjonal dimensjon i utdanning og forskning. Eit internasjonalt perspektiv skal vere del av læringsutbyttet i alle gradsprogram.
6. Det skal vere lagt til rette for å ta delar av utdanninga i utlandet i alle gradsprogram
7. Auka mobilitet gjennom strategisk oppbygging av partnerportefølje
8. Innan 2010 skal vi vere koordinator for to eksternt finansierte internasjonale utdanningsprosjekt og partner i eitt Horiont 2020-prosjekt

1.5 Verksemdsmål

HiSF skal auke talet på publikasjonar til å bli ein høgskule med høg vitenskapleg publisering, og skal ha høg fagleg og forskingsetisk kvalitet på fou-arbeidet

HiSF skal ha høg vitenskapleg publisering og utvikle forskingsbasert kunnskap og nyskaping innanfor dei yrkesfelta høgskulen utdannar til, og innanfor dei områda der HiSF har særskilte fortrinn med basis i geografisk plassering, kompetanse og regionalt samfunns- og arbeidsliv.

HiSF skal satse på dei sentrale utdanningsfeltene lærarutdanning, helsefagutdanning, sosialarbeidarutdanning, idrettsutdanning, naturfagutdanning og økonomisk-administrativ utdanning. HiSF skal spesielt utvikle ny forskingsbasert kunnskap i robuste fagmiljø med høg kompetanse, og i tett samspel med regionalt samfunns- og arbeidsliv. HiSF skal særskilt bygge vidare opp strategiske forskingsprogram innan idrettsforskning; læringsforskning; natur- og miljøvitenskap; samhandling, innovasjon og styring av offentleg sektor; og kunnskapsleiing i førstelinetenesta. HiSF skal styrke samarbeidet med Helse Førde gjennom det strategisk forskingssenteret Senter for helseforskning.

HiSF har i 2014 vedteke ein ny strategisk plan med målsettingar for fou-arbeidet og kompetansen ved høgskulen. HiSF har satt som mål:

- Høg vitenskapleg publisering med 0,5 publiseringspoeng per fagstilling i 2020
- Del tilsette med førstekompetanse/toppkompetanse er 50 pst. i 2018
- Auke talet på tilsette med toppkompetanse
- Auke talet stipendiatstillingar
- Greie ut PhD-utdanning innan 2018, og etablere PhD-utdanning innan 2020
- Etablere sterke forskingsmiljø med høgt tilslag av ekstern finansiering i NFR og vesentleg aktivitet mot EU i 2020
- Framifrå forskingsbasert undervisning
- Styrka internasjonalisering og auka mobilitet

Målsettingane er satt saman i ein ønska framtid utvikling for HiSF fram mot år 2020:

| Styringsparametrar | Resultat | | | | | Ambisjon | Målsetting | | | | | |
|---|----------|-------|-------|-------|-------|----------|------------|-------|-------|-------|-------|-------|
| | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 |
| Publikasjonspoeng per UFF-stilling | 0,20 | 0,21 | 0,20 | 0,26 | 0,19 | 0,24 | 0,30 | 0,35 | 0,40 | 0,45 | 0,50 | 0,50 |
| Del årsverk i førstestillingar av UFF (%) | 33,6 | 35,2 | 35,5 | 36,4 | 38,4 | 40 | 43 | 45 | 47 | 50 | 50 | 50 |
| Del UFF-stillingar som publiserar (%) | 19,4 | 21,3 | 23,0 | 26,8 | 31,7 | 33 | 37 | 40 | 43 | 46 | 49 | 50 |
| Publikasjonspoeng | 35,9 | 38,7 | 38,4 | 50,1 | 40,1 | 50 | 65,1 | 78,3 | 92,3 | 106,9 | 122,3 | 125,7 |
| Auke i publikasjonspoeng (%) | - | 7,9 | -0,7 | 30,3 | -20,0 | 24,7 | 30,1 | 20,4 | 17,8 | 15,9 | 14,3 | 2,8 |
| Tal UFF-stillingar | 180,8 | 183,1 | 195,4 | 194,1 | 208,3 | 210 | 217 | 224 | 231 | 238 | 245 | 251 |
| Publiseringsp. per publiserande UFF | 1,0 | 1,0 | 0,9 | 1,0 | 0,6 | 0,7 | 0,8 | 0,9 | 0,9 | 1,0 | 1,0 | 1,0 |
| Avgang i førstestillingar | 5 | 4 | 9 | 4 | 9 | 7 | 6,3 | 6,3 | 6,3 | 6,3 | 6,3 | 6,3 |
| Tal årsverk i førstestillingar/toppst. | 60,7 | 64,5 | 69,4 | 70,6 | 80,0 | 84,0 | 93,3 | 100,7 | 108,4 | 118,8 | 122,3 | 125,7 |
| Auke i førstestillingar inkl. avgang | - | 7,7 | 13,9 | 5,2 | 18,4 | 11,0 | 15,6 | 13,8 | 14,1 | 16,7 | 9,8 | 9,8 |
| Tal årsverk i dosentstillingar | 3 | 3 | 5,8 | 5 | 4 | 5 | 6 | 6 | 7 | 7 | 8 | 8 |
| Tal årsverk i professorstillingar | 5,7 | 6,5 | 7,6 | 6,5 | 8,3 | 10 | 11 | 12 | 13 | 14 | 15 | 16 |
| Tal årsverk i stipendiatstillingar | 15,8 | 16,6 | 19,0 | 19,7 | 21,8 | 25 | 26 | 27 | 28 | 29 | 30 | 30 |

Tabell 2 Målsetting og ønska utvikling mot år 2020 (utarbeidd i 2014)

1.5.1 Styringsparametrar

| Styringsparametrar | Resultat | | | | | Ambisjon | Snitt SH |
|---|----------|------|------|-------|------|----------|----------|
| | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2013 |
| Publikasjonspoeng | 38,7 | 38,4 | 50,1 | 40,1 | 70,9 | 65 | |
| Publikasjonstal – nivå 2-andel (%) | 7,9 | 5,0 | 9,6 | 5,6 | 8,2 | 10 | 9,6 |
| Auke i publikasjonspoeng (%) | 7,9 | -0,7 | 30,3 | -20,0 | 76,8 | 20,4 | - |
| Publikasjonspoeng per UFF-stilling | 0,21 | 0,20 | 0,26 | 0,19 | 0,33 | 0,30 | 0,37 |
| Del årsverk i førstestillingar av UFF (%) | 35,2 | 35,5 | 36,4 | 38,4 | 34,6 | 43 | |
| Tal årsverk i dosentstillingar | 3 | 5,8 | 5 | 4 | 4 | 6 | |
| Tal årsverk i professorstillingar | 6,5 | 7,6 | 6,5 | 8,3 | 7,8 | 11 | |
| Tal årsverk i stipendiatstillingar | 16,6 | 19,0 | 19,7 | 21,8 | 20,1 | 26 | - |

iii) Snitt SH er snitt for statelege høgskular i 2013. Tal for 2014 i kursiv er førebelse tal.

1.5.2 Analyse

Høgskulen har sett som mål å ha 0,5 publikasjonspoeng per vitenskapleg stilling i år 2020, og har utarbeida ein prognose for utviklinga kvart år framover mot dette årstalet som vist i Tabell 2. Tabellen legg opp til ei lineær auke i publikasjonspoeng per fagstilling kvart år framover mot 2019 for å ha noko robustheit. Målet om auka vitenskapleg poenggjevande produksjon er ambisiøst, men er likevel oppnåeleg over tid med dei tiltak blir sette i verk for å styrke fou-arbeidet ved HiSF. Særleg vil ein auke av fou-tid til tilsette som har stort publikasjonspotensiale, vere med å bidra til å nå denne målsettinga. Samtidig vil eit auka tilfang av doktorgradsstipendiatar gjennom eksternt finansierte forskingsprosjekt styrke både kompetansen og den vitenskaplege publiseringa ved HiSF. Talet på vitenskaplege publikasjonar og publikasjonspoeng per fagstilling vil bli følgd tett av høgskulen framover, og ytterlegare tiltak vil bli sette i verk dersom ein ser at ein ligg bak utviklingsprognosen i Tabell 2.

Det er særleg tiltak i form av fou-stipend som har bidrege til den positive utviklinga frå 2013. Ein forventar at dette skal gje endå større effekt i åra som kjem. Fou-stipenda rettar seg mot særleg aktive forskarar i form av fire ulike stipend; *forskarstipend* for unge forskarar med nyleg avlagt doktorgrad, *professorkvalifiseringsstipend*, *forskingstermin* for etablerte forskarar og *førstelektorqualifiseringsstipend*. Stipenda vektlegg vitenskapleg publisering, rettleiing og kompetanseheving av kollegaer, og eit auka fokus på å søke eksternt finansiering. Det vil vidare i 2015/2016 bli etablert eit *førstestipend* som tek sikte på å gje om lag 60 prosent av tilsette i førstestillingar ekstra fou-tid på lik linje med professorar og dosentar for å stimulere til meir vitenskapleg publisering. Det vil vidare bli sett i verk eit *kompetanseprogram* som skal gje formell fou-kompetanse til tilsette i kvalifiseringsløp både til førstestillingar og toppstillingar, og slik auke delen tilsette med førstekompetanse til 50 prosent i 2020. Samstundes vil vi få fleire tilsette med toppkompetanse.

Det har i 2014 vore sett søkelys på HiSF i samband med strukturdebatten i høgare utdanning. Særleg gjeld dette forskingsproduksjon totalt, publisering per vitenskapleg tilsett, og delen tilsette med førstekompetanse. Det er no utarbeidd ein Handlingsplan for fou 2015-2020 som skal vedtakast våren 2015. Planen legg fram ei rekke tiltak for å nå målsettingane på desse områda innan 2020. Saman med dei tiltaka som allereie er sett i verk, vil handlingsplanen bli følgd tett opp for å overvake utviklinga av særleg desse målsettingane, slik at ein kan sette inn

ekstra tiltak dersom resultata ikkje følgjer den ynskte utviklinga i Tabell 2. Det vert difor rekne med å vere moderat til liten risiko for at ein ikkje skal nå dei langsiktige målsettingane innanfor vitenskapleg publisering og kompetanse innan 2020. Det er ein moderat risiko for at ein ikkje når målsettingane for einsskilde år i utviklingsprognosen i Tabell 2, men det vil her vere viktig å analysere trenden i utviklinga heller enn årlege svingingar for å vurdere om ein skal sette inn ekstra tiltak.

Høgskulen skal ha høg forskingsetisk kvalitet på fou-arbeidet, og har i 2014 etablert eit system for å handtere mistanke om vitenskapleg uredeligheit i forskning. HiSF skal arbeide vidare med rutinar og retningslinjer på dette området i 2015.

1.5.3 Tiltak

1. HiSF skal legge stor vekt på fou-kompetanse ved tilsetting i fagstillingar
2. HiSF skal ha intern kollegarettleiing i rekrutteringsstipend og førstelektor-kvalifiseringsstipend for å sikre god oppfølging
3. HiSF skal tildele målretta fou-stipend som førstelektorkvalifiseringsstipend, forskarstipend, professorkvalifiseringsstipend og forskningstermin til særskilt aktive forskarar for å styrke fou-aktiviteten i høgskulen
4. HiSF skal opprette eit *førstestipend* som skal gje særleg aktive tilsette i førstestillingar høve til same fou-tid som tilsette i toppstillingar
5. HiSF skal etablere eit kompetanseprogram for fou som skal gje formell kompetanse til tilsette i kvalifiseringsløp, og som skal vere ope for studentar
6. HiSF skal eigenfinansiere doktorgradsstudentar ut over ramma frå KD for å auke talet doktorgradsstipendiatar
7. HiSF skal særskilt styrke forskingsaktiviteten i høgskulen i robuste fagmiljø knytt til utvalde strategiske forskingsprogram
8. HiSF skal legge inn rekrutteringsstipend i forskingsprosjekt med ekstern finansiering
9. HiSF skal arbeide vidare med å etablere gode rutinar for kvalitetssikring av fou og forskingsetikk
10. HiSF skal stimulere og styrke kompetansen i vitenskapleg skriving for å engasjere fleire av dei fagtilsette til publisering

1.6 Verksemdsmål

HiSF skal særleg utvikle praksisnære fou-prosjekt på regionale problemstillingar med nasjonal eller internasjonal relevans, og involvere studentar meir i forskings- og utviklingsarbeid

1.6.1 Styringsparametrar

| Styringsparametrar | Resultat | | | | | Ambisjon |
|---------------------------------------|----------|------|------|------|------|----------|
| | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
| Tal publikasjonar frå studentoppgåver | - | - | 8 | 5 | 6 | 10 |
| Tal studentforfattarar | - | - | 0 | 1 | 11 | 10 |
| Tal nye lærebøker og fagbøker | 5 | 3 | 2 | 7 | 10 | 10 |

Kvalitativ styringsparameter:

- **Resultatoppnåing på forskning i forhold til vår eigenart**
- **Samspel mellom forskning og utdanning**

Høgskulen skal styrke forskingsinnsatsen innan dei områda der ein er spesielt konkurransedyktig i forhold til andre institusjonar i UH-sektoren. Dette gjeld spesielt innan område der ein har etablerte mastergradssatsingar, område med høg professor- og førstekompetanse, og område der ein har særskilte fortrinn gjennom geografisk plassering eller tett kopling til regionalt samfunns- og arbeidsliv. Høgskulen skal og auke andelen tilsette som driv aktivt fou-arbeid og aktivt stimulere til kompetanseheving for tilsette for å redusere ulikhetane i kompetanseprofil mellom avdelingane.

Høgskulen har ein praksisnær profil med tett samarbeid med praksisfeltet innan forskning og utdanning. Dette gjeld både for fou-prosjekt i samband med profesjonsutdanningane, men og innan fagmiljøa på idrett- og friluftsliv og naturfag som legg vekt på praktisk kunnskap og bruk av naturen som læringsarena. Fou-aktiviteten skal særskilt legge vekt på å stimulere til gode fou-prosjekt saman med profesjonane vi utdannar for, og saman med relevant samfunns- og arbeidsliv. Høgskulen skal arbeide aktivt for at Sogn og Fjordane blir eit viktig laboratorium for forskning og kunnskapsinnsamling på nasjonale problemstillingar, og særskilt innan forskingsområda *folkehelse, læring og energi og miljø*.

Høgskulen skal også greie ut eitt til to område med sikte på å etablere PhD-utdanning innan 2020, og det vil bli arbeid meir med tema for satsingsområda i 2015.

Høgskulen skal gje alle studentar god forskingsbasert undervisning gjennom aktiv deltaking i forskingsprosjekt, feltarbeid, datainnsamling, praksisarbeid og i studentaktiv undervisning. Fagtilsette skal formidle fagleg oppdatert pensum, og formidle eiga forskning til studentane. Det er etablert eit *masterforum* som samlar programansvarlege for masterutdanningane ved høgskulen og ser på korleis ein skal styrke studentar si deltaking i forskning i masterutdanningane. Høgskulen skal auke talet publikasjonar som har studentmedforfattarar, og stimulere til aktiv deltaking av studentar i forskingsprosjekta ved høgskulen.

Forskingsbasert kunnskap utvikla ved høgskulen skal takast opp i undervisninga gjennom lærebøker og fagbøker, og vil kunne gje grunnlag for nye spesialiseringar og retningar i utdanningane ved høgskulen. Høgskulen har som ambisjon å gje framifrå forskingsbasert undervisning, og det skal lagast ein eigen *Handlingsplan for forskingsbasert utdanning* ved

HiSF. Studentar på master og bachelornivå skal ha tilgang til kompetanseprogrammet for fou som skal etablerast for å kunne ta kurs i forskingsmetodikk, kvantitativ og kvalitativ analyse, vitskapleg skriving og etiske retningslinjer.

1.6.2 Analyse

Høgskulen har eit tett og etablert samarbeid med offentlege aktørar i regionen, og helse- og velferdsutdanningane har særleg praksisnære fou-prosjekt saman med samfunns- og arbeidsliv. Lærarutdanninga og idrettsutdanninga sitt tette samarbeid med skulesektoren i Sogn og Fjordane er nasjonalt kjend, og har gjort det mogleg å sette i gang store forskingsprosjekt som *Lærande regionar* og *ASK – Active Smarter Kids* i fylket. Vidare har naturfagmiljøet eit godt samarbeid med både energibransjen, banknæring og fylkeskommunen som har resultert i eit stort forskingsrådsfinansiert prosjekt RELEASE som skal sjå på lokale konsekvensar av fornybar energi. Helsefagutdanninga har òg eit svært tett samarbeid med Helse Førde gjennom eit felles forskingssenter på helseforskning. Desse samarbeida skal styrkast framover.

Høgskulen har god tradisjon for å utvikle praksisnære fou-prosjekt på regionale problemstillingar med nasjonal relevans, men det er likevel ei utfordring å få tilstrekkeleg storleik på desse prosjekta til at ein kan legge godt til rette for publisering av fou-resultat frå prosjekta. Det er òg viktig at høgskulen greier å formidle relevansen og resultata av desse prosjekta godt nok nasjonalt og internasjonalt. Arbeidet med å formidle resultat gjennom media og nettstaden Forskning.no har vore svært godt i 2014. Dette arbeidet skal vidare styrkast både internt i høgskulen og i samarbeid med Vestlandsforskning.

1.6.3 Tiltak

1. HiSF skal peike ut 1-2 strategiske satsingsområder som skal danne grunnlaget for framtidig etablering av PhD-utdanning
2. HiSF skal tilby emner i kompetanseprogrammet for fou til studentar på master og bachelornivå, og på sikt skal dette vere grunnlaget for doktorgradskurs ved HiSF
3. HiSF skal gjennom eit *masterforum* sjå på korleis ein kan styrke studentar si deltaking i forskning i masterutdanningane
4. HiSF skal lage ein handlingsplan for forskingsbasert utdanning
5. HiSF skal legge stor vekt på internasjonal publisering av resultata frå fou-prosjekt for å sikre internasjonal relevans
6. HiSF skal auke storleiken på fou-prosjekt gjennom å aktivt søke fleire prosjekt gjennom NFR saman med regionale aktørar frå samfunns- og arbeidsliv

1.7 Verksemdsmål

HiSF skal utvikle sterke fou-miljø og forskingsgrupper som får tilslag på ekstern finansiering og som har gode internasjonale relasjoner

1.7.1 Styringsparametrar

| Styringsparametrar | Resultat | | | | | Ambisjon |
|--|----------|------|-------|--------|------|----------|
| | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
| Tal egne NFR/RFF søknader | - | - | 7 | 9 | 10 | 12 |
| Tilslag egne søknader NFR/RFF (%) | - | - | 28,6 | 33,3 | 30,0 | 25 |
| Tal samarbeidssøknader NFR/RFF | - | - | 2 | 5 | 3 | 5 |
| Tilslag samarbeidssøk. NFR/RFF (%) | - | - | 100 | 16,7 | 0 | 25 |
| Midlar frå NFR (1000 kr) | 3154 | 1567 | 4 838 | 10 004 | 9727 | 15000 |
| NFR-tildeling per UFF-stilling (kr) | 17,2 | 8,1 | 24,9 | 48,0 | 45,4 | 69,1 |
| Tal eksterntfinansierte stipendiatar | - | 3,5 | 3,5 | 6,5 | 8,5 | 10 |
| Del artiklar med int. samforfattarar (%) | - | 37,7 | 32,3 | 27,9 | - | 35 |
| EU-midlar (1000 kr) | 0 | 0 | 255 | 571 | 91 | 500 |
| EU-midl. per UFF-stilling (kr) | 0 | 0 | 1,3 | 2,7 | 0,4 | 2,3 |

1.7.2 Analyse

Høgskulen har som målsetting å ha sterke forskingsgrupper med høgt tilslag av ekstern finansiering frå NFR, og vesentleg aktivitet mot EU i 2020. Høgskulen arbeider aktivt mot relevante utlysingar NFR, og søker midlar for gode fagmiljø for å finansiere forskingsaktivitet, publikasjonar, stipendiatar og forskaropphald. Dette skal og vere med på å bygge opp gode relasjonar med andre nasjonale partnarar som det er naturleg å knytte til seg i slikt søknadsarbeid. Høgskulen har dei siste åra fått nokre store prosjekt i NFR som bidreg til å løfte dei involverte fagmiljøa monaleg, og har slik hatt god utteljing hos NFR. Dette vil og gje positivt utslag på midlar frå NFR dei neste 2-3 åra. Det er likevel eit risikomoment at dette i stor grad har vore innanfor ordninga Strategiske høgskuleprogram. Det ser no ut som at denne ordninga går mot slutten, og det vil difor vere viktig å lukkast innanfor andre program i NFR. HiSF skal òg etablere eit tiltak for kvalitet i søknader som skal sikre at «best practice» frå søknader til NFR som har fått god evaluering, skal brukast i andre søknader for å auke sjansen for tilslag. Det skal også leggest vekt på søknadsskriving som eit verdifult fou-resultat i søknader om ekstra fou-tid.

HiSF har sterke fagmiljø med høg kompetanse, god vitenskapleg publisering, eksterne forskingsmidlar og god rekruttering (større fagleg fellesskap) innan *fornybar energi, geologi- og geofare, landskapsøkologi, idrettsforskning og fysisk aktivitet, læringsforskning, innovasjon og samhandling i offentleg sektor, og forskning på livskvalitet og fedme*. Desse strategiske satsingsområda skal utviklast vidare gjennom ekstern finansiering frå NFR og EU. Høgskulen har òg sett i gang eit strategisk forskingsprogram for å utvikle eit sterkt forskingsmiljø innan *kunnskapsleiing i førstelinetenesta* som skal vidare styrke samarbeidet med praksisfeltet. HiSF har som ambisjon å styrke forskingsinnsatsen innan ingeniør- og teknologifaga og i profesjonsfaga gjennom strategiske forskingsinnsatsingar, og knytte endå sterkare band til nærings- og arbeidsliv gjennom desse satsingane.

Høgskulen er i kontraktsforhandlingar våren 2015 som partner i eit Horizon 2020-prosjekt innanfor ungdomssosiologi. Slike prosjekt er viktige for høgskulen for å knyte internasjonale band til forskarar og institusjonar som er langt framme på høgskulen sine prioriterte fagfelt, for å styrke fagmiljøa gjennom forskarutveksling og felles publikasjonar, og for å synleggjere den internasjonale relevansen av forskinga ved HiSF.

1.7.3 Tiltak

1. HiSF skal etablere eit tiltak for kvalitet i søknader som skal etablere «best practice»
2. HiSF skal legge til rette på arbeidsplanen for at aktive forskarar og forskingsmiljø kan skrive søknader til NFR
3. HiSF skal vektlegge gode søknader til NFR som eit viktig kriterium ved tildeling av intern fou-tid
4. HiSF skal etablere eit støttesystem for søknader til EU og Horizon 2020 saman med Vestlandsforskning
5. HiSF skal styrke sterke fagmiljø gjennom strategiske forskingsprogram, og i tillegg styrke forskningssinnsatsen særskilt mot ingeniør- og teknologifag
6. HiSF skal bygge robuste fagmiljø i allianse med sterke samarbeidspartar innan næringsliv, offentleg sektor, instituttsektoren og UH-sektoren
7. HiSF skal stimulere doktorgradsstipendiatar og fagtilsette til å reise utanlands gjennom å etablere internasjonaliseringstipend for utanlandsopphald og besøk frå internasjonale gjesteforskarar

1.8. Verksemdsmål

Fou-arbeidet ved HiSF skal ta utgangspunkt i interesse og motivasjon hos fagtilsette, og arbeidet med fou skal vere inkluderande og motiverande og ha gode rammevilkår

1.8.1 Styringsparametrar

| Styringsparametrar | Resultat | | | | | Ambisjon |
|---------------------------------------|----------|------|------|------|------|----------|
| | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
| Tal tilsette i fou-stipend | - | - | - | 7 | 8 | 10 |
| Tal tilsette som publiserer | 39 | 45 | 52 | 66 | 79 | 80 |
| Del UFF-stillingar som publiserer (%) | 21,3 | 23,0 | 26,8 | 31,7 | 36,9 | 37 |


1.8.2 Analyse

Talet tilsette i fou-stipend er avhengig av dei økonomiske rammevilkåra for høgskulen, men det er ei målsetting å auke talet stipend framover for å nå målsettingane om høg vitenskapleg publisering og høg kompetanse. Ein aukande del av dei tilsette i UFF-stillingar publiserer i poenggevendende vitenskaplege kanalar, men utviklinga må likevel halde fram mot at 50 prosent av dei fagtilsette publiserer vitenskapleg kvart år i 2020, dersom ein skal nå målsettingane som er skisserte i tabell 2. Det blir òg lagt vekt på å stimulere fleire tilsette til å delta i fou-arbeid, og å stimulere tilsette som allereie er aktive til å publisere meir.

Tiltaka for å stimulere måloppnåing under sektormål 2 er sette inn i eit system som ulike byggeklossar i det ein kan kalle fou-pyramiden ved HiSF. Tiltak som er meint å treffe breitt og mange, ligg i botnen av pyramiden. Utviklingsmidlar skal stimulere til kome i gang med forskingsaktivitet i fagmiljø, skrivekurs skal sette god kvalitet i skriving på dagsorden for alle fagtilsette, eit fond for infrastruktur skal vere med å støtte opp om forskning og utdanning for å gje god tilgang til utstyr, søknadskompetanse skal gje søknadsstøtte og kvalitetssikring av søknader om ekstern finansiering, og kompetanseprogrammet skal vere ein naturleg del av kvar tilsett si faglege utvikling fram mot opprykk og kvalifisering.

Neste nivå i pyramiden treffer noko smalare, men stiller også høgare krav til dei fagmiljøa og tilsette som deltek. Publikasjonar, kompetanse og evne til å hente ekstern finansiering er med på å kvalifisere fagmiljø og tilsette til ulike typar fou-stipend, til leiingsressursar for strategiske forskingsprogram, og for doktorgradsstipendiatstillingar.

Det øvste nivået i pyramiden treffer dei spissa satsingsområda der HiSF skal vere nasjonalt og, om mogleg, internasjonalt leiande på området, og der høgskulen skal arbeide for å utvikle eigne doktorgradsprogram og status som nasjonale framifrå forskingssentra.



1.8.3 Tiltak

1. HiSF skal legge stor vekt på fou-kompetanse ved tilsetting i fagstillingar
2. HiSF skal legge til rette for samanhengande konsentrert fou-tid på arbeidsplanen for tilsette
3. HiSF skal vektlegge rettleiing av doktorgradsstudentar og kollegaer, og initiering av fou-prosjekt, som viktige kriterium ved tildeling av intern fou-tid
4. HiSF skal ha eit aktivt førstelektorprogram for å stimulere til fou-arbeid for tilsette utan førstekompetanse
5. HiSF skal aktivt bruke II-ar stillingar for å stimulere fou-arbeid og bygge faglege nettverk

Sektormål 2

Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling

HiSF skal vere ein open og engasjert institusjon som er synleg og set spor etter seg. Høgskulen skal formidle viktige forskingsresultat i media og på eigne nettsider, og bidra med faktakunnskap i samfunnsdebatten. Høgskulen skal stimulere til verdiskaping gjennom innovasjon, og vere ein viktig regional utviklingsaktør. Høgskulen skal framfor alt utvikle ny kunnskap saman med praksisfeltet som skal bidra til ei *endring av praksis* for brukarar, yrkesutøvarar og som eit viktig vedtaksgrunnlag for styresmakter.

2.1 Verksemdsmål

HiSF skal vere relevante for samfunns- og arbeidsliv

2.1.1 Styringsparametrar

| Styringsparametrar | Resultat | | | | | Ambi- sjon | Snitt SH |
|----------------------------------|----------|-------|-------|-------|-------|---------------|-------------|
| | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2013 |
| BOA utanom EU og NFR (1000 kr) | 13648 | 13252 | 13501 | 20916 | 25300 | 30000 | 29012 |
| BOA utan EU/NFR per UFF-stilling | 74,5 | 67,8 | 69,6 | 100,4 | 118,1 | 140 | 70 |
| BOA som del driftsinntekter (%) | 4,8 | 3,8 | 4,5 | 6,0 | 6,3 | 6,5 | 5,6 |
| Bidragsfinansiert BOA (%) | 47,3 | 54,8 | 52,0 | 71,6 | 72,3 | 70 | 63,3 |

Kvalitativ styringsparametrar:

- Samarbeid med samfunns- og arbeidsliv
- Forskingsinnsats i MNT-fag og profesjonsfag

Høgskulen skal vere ein viktig partner for samfunns- og næringsliv gjennom å tilby relevante utdanningar, innovative fou-prosjekt med relevans for samfunnet og faktabasert kunnskap til samfunnsdebatten. Høgskulen skal vidare styrke samarbeidet med viktige delar av regional offentleg forvaltning gjennom Fylkeskommunen, Fylkesmannen, kommunar, NAV og Helse Førde i 2015. Høgskulen skal òg styrke samarbeidet med energibransjen gjennom næringsretta forskingssamarbeid i søknader til NFR, og samarbeid om forskingsinfrastruktur innan Elkraft og forskingsprosjekt innan Fornybar energi. Høgskulen har etablerte prosjektsamarbeid med Vestlandsforskning, og samarbeidet skal styrkast gjennom å opprette ei stilling som skal rådgje i søknadsprosessar mot EU og Horizon 2020 i samarbeid med Fylkeskommunen.

Høgskulen skal utvikle samarbeidet med dei andre utdanningsinstitusjonane i UH-Nett Vest gjennom konkrete prosjektsamarbeid, arbeidsdeling innanfor utdanning av subseingeniørar ved Høgskulen i Bergen sitt studium i Florø, og gjennom forskingssamarbeid innan spesielt RUS og tenester knytt til NAV. Høgskulen skal styrke samarbeidet innan ingeniør- og teknologifag gjennom eit tettare utdannings- og forskingssamarbeid i TeknoVest. Høgskulen arbeider tett saman med byggebransjen for å greie ut eit mogleg byggingeniørstudium i Førde i samarbeid med Høgskulen i Bergen, og IT-forum Sogn og Fjordane har fått tildelt midlar frå Innovasjon Norge for å greie ut eit IT-studium i regi av høgskulen for å dekke regionale kompetansebehov i offentleg og privat sektor.

Høgskulen skal satse på samfunns- og arbeidslivsrelevante etter- og vidareutdanningar på områder der høgskulen har kompetanse, og der det er eit godt rekrutteringsgrunnlag med

tilstrekkeleg finansiering. Høgskulen skal arbeide for å styrke relasjonen til dei store utdanningsinstitusjonane som vidareutdannar innanfor høgskulen sine fagfelt, og styrke samarbeide med viktige nasjonale forskingsaktørar innanfor dei prioriterte satsingsområda.

Høgskulen har eit etablert forskingssamarbeid ved ingeniørutdanninga med Polen gjennom EØS-midlar tildelt via NFR, og skal ytterlegare styrke dette samarbeidet gjennom utveksling av studentar, doktorgradsstipendiatar og tilsette. HiSF skal vidare søke slike EØS-midlar til forskingssamarbeid med andre land i 2015 der det er relevante utlysingar. Høgskulen er og i kontraktsforhandlingar innanfor sosiologi som partner i prosjektet MOVE i Horizon 2020 som vil styrke det internasjonale samarbeidet innanfor dette området.

Rådet for samarbeid med arbeidslivet (RSA) skal vere ein viktig arena i arbeidet med å styrke samarbeidet med regionalt og nasjonalt arbeidsliv. RSA skal brukast aktivt for å få innspel frå samfunns- og arbeidsliv om viktige kompetansebehov, strategiske satsingar og utfordringar som regionen vil utfordre høgskulen til å møte. RSA skal gje innspel for å vidareutvikle høgskulen sine utdannings- og forskingsfelt.

Høgskulen har ei viktig regional rolle med eit veldig godt samarbeid med regionale offentlege aktørar, og skal vidareutvikle denne rolla. Dette skal særskilt skje gjennom NFR si satsing på Innovasjon i offentleg sektor, og i samarbeid med Vestlandsforskning og fylkeskommunen gjennom ein eigen utviklingsavtale der innovasjon i offentleg sektor er eitt av delprosjekta.

Høgskulen sin forskingsinnsats er i stor grad retta inn mot profesjonsretta utdanningar og MNT-fag slik som utdanningsportefølja ved HiSF er sett saman med stor vekt på lærarutdanning, helsefagutdanning og sosialfag, og eit framifrå fagmiljø innan geologi og geofare. HiSF skal vidare auke forskingsinnsatsen framover innan ingeniørfag – særleg i samarbeid med energibransjen i regionen som har vore med å finansiert ein ny energilab i samband med oppretting av studiet innan Energi, elkraft og miljø. Det skal òg etablerast ei satsing mot velferdsteknologi for å styrke det faglege samarbeidet mellom helsefagutdanninga og ingeniørutdanninga som er samlokaliserte på Campus Førde. Denne satsinga skal skje i samarbeid med Helse Førde, kommunar og Vestlandsforskning.

2.1.2 Analyse

HiSF skal auke omfanget av eksternt finansiert verksemd ved høgskulen. Eksternt finansiert verksemd som oppdrag for offentleg sektor og næringsliv er viktig for å styrke både utdannings- og forskingsaktiviteten ved høgskulen, og for å sikre at høgskulen er regionalt relevant innan sine fagområde. Dette er eit ambisiøst mål med moderat risiko. Med bakgrunn i utdanningsprofilen med få næringsretta studium er det likevel ei utfordring å få auka samarbeidet med næringslivet. Ein større del av den næringsretta BOA har kome frå samarbeidet med energibransjen i regionen, og høgskulen fekk tilslag på ein stor søknad mot NFR og SHP-programmet i 2014 med betydeleg finansiering frå regional energibransje, banknæring og fylkeskommunen.

Det er knytt uvisse til regionale utviklingsmidlar, midlar til næringsutvikling og andre satsingar i regionen, og difor ein risiko om kor mykje av eksternfinansiert bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet som høgskulen er i stand til å hente inn frå regionale aktørar. HiSF har likevel ein mindre del av den eksternfinansierte verksemda frå konjunkturavhengig næringsliv, og ein betydeleg større del frå det offentlege. Uvissa kring tilgang på eksterne midlar er difor moderat for HiSF. Redusert eksternfinansiert verksemd vil gå inn som ein reduksjon i driftsbudsjettet til høgskulen, og vil difor vere av betyding for den totale aktiviteten ved HiSF.

2.1.3 Tiltak

1. HiSF skal innarbeide gode prosjektstyrings- og kvalitetssikringsrutinar for forskingsprosjekt for å sikre høg fagleg og forskningsetisk standard gjennom tilsetting av ein eigen prosjektrådgjevar som skal følgje opp større forskingsprosjekt.
2. HiSF skal delta i tilskipinga av relevante faglege konferansar retta mot arbeids- og samfunnsliv.
3. HiSF skal legge til rette for at doktorgradsstipendiatar og studentar kan hospitere hos bedrifter og offentlege verksemder
4. HiSF skal saman med regionalt samfunn- og arbeidsliv tilby relevante utdanningar der det er rekrutteringsgrunnlag i regionen, tilstrekkeleg finansiering og eit godt regionalt arbeidsmarknad for ferdige kandidatar.

2.2 Verksemdsmål

HiSF skal formidle resultata frå fou-aktiviteten til samfunnet, og auke bruken av «open access» publisering

2.2.1 Styringsparametrar

| Styringsparametrar | Resultat | | | | | Ambi | Snitt |
|----------------------------------|----------|------|------|------|------|-------|-------|
| | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | -sjon | UH |
| Tal fou-resultat i CRISTin | 419 | 371 | 477 | 509 | 450 | 500 | - |
| Tal publikasjonar Open Access | 7 | 12 | 17 | 24 | 25 | 25 | - |
| Periodikaartiklar (%) | 71 | 83,0 | 78,1 | 59,8 | 52,6 | 60 | 71,5 |
| Antologiartiklar (%) | 29 | 13,9 | 16,6 | 40,2 | 38,5 | 35 | 26,5 |
| Monografiar (%) | 0 | 3,1 | 5,3 | 0 | 8,9 | 5 | 2,0 |
| (Pop.)vitskapelege publ./posters | 115 | 145 | 226 | 269 | 220 | 280 | - |

2.2.2 Analyse

Det er eit aukande tal registreringar av fou-resultat i CRISTin, og det har dei siste åra vore ei auke i vitskapelege og populærvitskapelege presentasjonar, og eit auka fokus på arrangement rundt Forskingsdagane. Høgskulen har og lansert nye nettsider i 2014. Det har og vore formidla relevante fou-resultat i media gjennom målretta arbeid med tipsing og tilrettelegging av informasjon som har resultert i mange oppslag i regionale og nasjonale meida. Det har òg vore ei stor auke i mengda artiklar publisert på Forskning.no, der fleire av artiklane har vore på lista over dei mest leste dei aktuelle månadene. Dette arbeidet skal halde fram i 2015. Høgskulen har eit samarbeidsprosjekt om forskingsformidling saman med Vestlandsforskning og Fylkeskommunen som går i ut 2015.

Vekta mellom dei ulike vitskapelege publiseringsskanalane har variert frå år til år, men det er ynskjeleg at forskingsgrupper gjennom fokus på å rettleie kollegaer til vitskapelege publisering går saman om å skipe til fleire antologiar med fagfelle-vurdering i vitskapelege kanalar. Høgskulen skal ha som mål å publisere fleire utviklingsarbeid i vitskapelege kanalar. Høgskulen skal også stimulere fagtilsette til å publisere meir i open-access kanalar, og har oppretta eit eige fond for slik publisering.

2.2.3 Tiltak

1. HiSF skal aktivt formidle eigen fou-aktivitet på egne heimesider, gjennom Forskingsdagane 2015, Forsking.no og gjennom å delta i samfunnsdebatten.
2. HiSF skal formidle fou-resultat på egne nettsider
3. HiSF skal stimulere fleire tilsette til å publisere gjennom antologiartiklar
4. HiSF skal ha fokus på open-access publisering, og dekke utgiftene til slik publisering

2.3 Verksemdsmål

HiSF skal aktivt bidra til innovasjon og verdiskaping i privat og offentleg sektor

2.3.1 Styringsparametrar

| Styringsparametrar | Resultat | | | | | Ambisjon | Snitt SH |
|---|----------|------|------|------|------|----------|----------|
| | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2013 |
| Tal partnerskap i innovasjon/verdiskaping | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 2 | - |
| Tal bedriftsetableringar | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 | 0,7 |
| Tal mottekne forretningsidear | 0 | 0 | 0 | 0 | 5 | 5 | 15 |
| Tal lisensieringskontraktar | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 3 |
| Tal patentsøknader | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 | 0 |

Kvalitativ styringsparameter:

- **HiSF skal bidra til regional nyskaping og innovasjon**

Høgskulen har eit særleg ansvar for å bidra til nyskaping og innovasjon i regionen, og skal aktivt søke midlar gjennom Regionalt forskingsfond for Vestlandet for å stimulere til verdiskaping saman med regionale aktørar. Høgskulen skal gjennom undervisning, studie-tilbod og studentbedrifter stimulere og legge til rette for entreprenørskap, og skal saman med andre arrangere Næringslivskonferansen for å stimulere til dialog med næringslivet i regionen. Høgskulen har etablert eit strategisk partnerskap med Kunnskapsparken Sogn og Fjordane for å stimulere til innovasjon, og har i 2014 registrert 5 nye forretningsidear som blir vurderte for opptak i deira inkubator. Desse forretningsideane er studentinitierte. Det blir og jobba vidare med å nå fleire studentgrupper og å motivere tilsette til å tenke innovasjon i sitt arbeid.

Høgskulen skal vere ein pådrivar for å søke om fou-prosjekt saman med regionalt samfunns- og næringsliv mot Forskingsrådet for å stimulere til auka fou-innsats. Høgskulen skal vere ein viktig kompetansemeklar for fou generelt innan regionen, og innanfor utvalde område nasjonalt.

2.3.2. Analyse

Høgskulen deltek i Næringsforum-prosjektet i regi av Fylkeskommunen, og i prosjektet Stat-Næring i regi av Fylkesmannen, og er ein aktiv samarbeidspartnar i regionen. Utdanningane ved høgskulen er i stor grad retta mot offentleg sektor, og difor er det ei ambisiøs målsetting å skape mange nye næringsbedrifter ut i frå fou-aktiviteten ved høgskulen. Det vil vere ein ambisjon framover for høgskulen å betre kommersialiseringsarbeidet fram til bedriftsetableringar.

Høgskulen får generelt gode tilbakemeldingar for sitt samarbeid med samfunns- og arbeidsliv i regionen, men har utfordringar med å kome nok i inngrep med regionalt næringsliv utover energibransjen. Som eit ledd i å møte denne utfordringa vil høgskulen styrke den næringsrelevante forskingsinnsatsen i ingeniør- og teknologifaga, samt fokusere meir på innovasjon og bedriftsetableringar innan fleire av utdanningane ved HiSF.

2.3.3 Tiltak

1. HiSF skal aktivt stimulere regionale aktørar til økt fou-innsats gjennom søknader til NFR og RFF.
2. HiSF skal lage felles retningslinjer som regulerer intellektuelle rettar ved forretningsidear frå studentar som kjem fram i samarbeid med rettleiar.
3. HiSF skal legge til rette for eigne studentbedrifter.
4. HiSF skal vidare bygge eit innovasjonssystem saman med Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane for å motivere tilsette og studentar til å registrere forretningsidear

2.4 Verksemdsmål

HiSF skal utvikle ny kunnskap som bidrar til endring av praksis

2.4.1 Styringsparametrar

Kvalitativ styringsparameter:

- **Ny kunnskap som bidrar til endring av praksis**

Høgskulen skal utvikle kunnskap som fører til endringar av arbeidsmåtar i praksis. Særskilt skal dette gjelde i fou-arbeidet innanfor forskingsprosjekta som ser på samanhengen mellom fysisk aktivitet og skuleprestasjonar, og på kvifor skuleprestasjonane i Sogn og Fjordane er svært gode, når alle andre faktorar som er viktige i resten av landet talar i mot dette. Vidare skal kunnskapsutviklinga i fou-prosjekt innan helse- og velferdsforskingmiljøa i høgskulen gje ny kunnskap som studentar, tenesteytarar og brukarar skal ta i bruk i nye eller endra måtar å utføre oppgåver på. Høgskulen sin forskingsaktivitet innan energi, ressursar og miljø skal føre til nye arbeidsmåtar og endra praksis hos oppdragsgjevarar og i sektoren. Høgskulen har og eit eige strategisk forskingsprogram på Kunnskapsleiing i førstelinja som ser på erfaring og kunnskapsoverføring mellom praksisfeltet og utdanningsinstitusjonar.

2.4.2 Analyse

Høgskulen har eit tett samarbeid med offentlege forvaltningsaktørar og regionale styresmakter innanfor profesjonsfelta ved høgskulen, og har eit svært godt renommé for å utvikle forskingsbasert kunnskap som er relevant for praksisfeltet. Dette arbeidet blir trekt fram nasjonalt som noko HiSF lukkast med, og skal vidareutviklast og styrkast gjennom vidareutdanning, forskingsprosjekt og grunnutdanningane ved HiSF i 2015.

2.4.3 Tiltak.

1. HiSF skal drive fou-arbeid *saman med* praksisfeltet for å styrke graden av implementering for resultata i praksis etter prosjektet
2. HiSF skal formidle kunnskapsutviklinga gjennom konferansar for praksisfeltet
3. HiSF skal bruke kunnskapsutviklinga i fou-prosjekt, praksisopphald og feltarbeid til å forbetre studentane sitt læringsutbytte i utdanningane
4. HiSF skal prioritere praksisnære fou-prosjekt som utviklar ny kunnskap og som kan bidra til endringar i praksisfeltet

Sektormål 3

God tilgang til utdanning

3.1 Verksemdsmål

Høgskulen skal ha eit breitt tilbod av praksisnære bachelorutdanningar med relevans for samfunns- og næringsliv og relevante tilbod om mastergrader og vidareutdanningar på dei sentrale utdanningsområda

3.1.1 Styringsparametrar

| Styringsparametrar | Resultatutvikling | | | | Ambisjons | Snitt SH |
|---|-------------------|------|------|------|-----------|----------|
| | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2015 |
| Del bachelorstudentar (%) | 62 | 64 | 70 | 70 | 70 | 73 |
| Del masterstudentar (%) | 5 | 7 | 7 | 7 | 8 | 8 |
| Bachelorgradar | 20 | 20 | 21 | 21 | 21 | |
| Akkrediterte mastergradar | 2 | 4 | 4 | 4 | 5 | |
| Mastergradar med ekstern akkreditering | 3 | 2 | 2 | 2 | 1 | |
| Studium i samarbeid med UH-nett-Vest institusjonar | 2 | 4 | 3 | 4 | 4 | |
| Skåre på studiebarometeret.no på spørsmål om studiet har god praksisopplæring | | | 4,0 | 4,1 | 4,2 | 3,8 |
| Skåre på studiebarometeret.no på samla vurdering av eige læringsutbytte i studiet | | | 3,7 | 3,8 | 3,9 | 3,7 |

*Kjelde: Årlege kandidatundersøkingar. Respondentane er ferdige kandidatar frå fleirårige studium og PPU som svarar eit halvt år etter at utdanninga er avslutta.

** Kjelde: Studiebarometeret.no. NOKUT 2014 og 2015.

3.1.2 Analyse

Hovudtyngda av studietilbodet skal framleis vere yrkesretta studieprogram på bachelornivå. Mange av desse programma har innebygd praksis, og dei er og vert utvikla i nært samarbeid med relevant nærings- og samfunnsliv.

Vi legg vekt på å møte kompetansebehova i samfunnet. På nokre fagområde som energi, ressursar og miljø og innan idrett og friluftsliv, er vi opptekne av nasjonale behov. På andre område er vi primært opptekne av dei regionale behova. Det gjeld særleg behova innan skule og barnehage, helse- og sosialsektoren og behova for kompetent arbeidskraft innan økonomisk-administrative og teknologiske fagområde.

Vi legg opp til å ha eit breitt tilbod om vidareutdanning og mastergrader på dei store utdanningsområda, og desse tilboda ynskjer vi å utvikle i samarbeid med dei relevante

samfunnssektorane. Det gjeld særleg tilbod retta mot skule og barnehage og mot helse- og sosialsektoren.

Både for å sikre regionen kvalifisert arbeidskraft og for å tryggje kompetansen i høgskulen og regionen, skal vi halde fram med å tilby femårig lærarutdanning og praktisk-pedagogisk utdanning. Dette skal vi gjere gjennom tett samarbeid og arbeidsdeling med andre utdanningsinstitusjonar på Vestlandet. Masterprogrammet «Læring og undervisning» er etablert og skal tilpassast ny femårig lærarutdanning.

Vi har ambisjonar om å bidra til å realisere samhandlingsreforma i helse- og omsorgstenestene gjennom utvikling og tilpassing av grunnutdanningane våre og med relevante tilbod om vidareutdanningar og mastergrader. Dei første kandidatane frå masterprogrammet «Samhandling innan helse- og sosialtenester» vil bli uteksaminerte i 2016.

Studentane gir gode tilbakemeldingar på praksis og på vurdering av eige læringsutbytte i studiet, og vi har som ambisjon å utvikle dette vidare.

3.1.3 Tiltak

1. Vidareføre og styrke samarbeidet med yrkesfeltet innan helse-, sosial-, skule- og barnehagesektoren med sikte på relevante og praksisnære utdanningstilbod.
2. Tilby femårig lærarutdanning og praktisk-pedagogisk utdanning gjennom tett samarbeid og arbeidsdeling med andre utdanningsinstitusjonar på Vestlandet.
3. Vidareutvikle næringsretta og praksisnære bachelorutdanningar. Vurdere praksis i fleire utdanningar.
4. Arbeide for å utvikle læringsutbytte i utdanningane i takt med behova i samfunnet.
5. Vidareutvikle den faglege profilen med nasjonalt og internasjonalt attraktive studietilbod innan idrett/friluftsliv og energi/ressursar/miljø.
6. Arbeide for vidareføring av UH-nett Vest og bidra konstruktivt til regional arbeidsdeling og samarbeid.
7. Arbeide for å få realisert målsetjinga om masterprogram på dei sentrale utdanningsområda.
8. Synleggjere forskning og forskingsresultat i undervisninga og engasjere studentane i dei tilsette sine fou-arbeid.
9. Utnytte den faglege breidda i høgskulen med å gi tverrfaglege undervisningstilbod.
10. Etablere samarbeids- og utviklingsforum for programansvarlege både på bachelor- og masternivå.

3.2 Verksemdsmål

Høgskulen skal leggje til rette for at utdanningstilboda våre er tilgjengelege for flest mogeleg

3.2.1 Styringsparametrar

| Styringsparametrar | Resultatutvikling | | | | Ambisjons | Snitt SH |
|------------------------------------|-------------------|------|------|------|-----------|----------|
| | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2015 |
| Tal fleksible studieprogram* | | | | 31 | 32 | - |
| Tal studentar på fleksible program | | | | 1142 | 1150 | - |
| Andel kvinnelege studentar (%) | 69 | 69 | 68 | 69 | 67 | 64 |

- Fleksible studieprogram vil seie studium som er organisert på deltid og desentralisert/nettbasert.

3.2.2 Analyse

Vi har tradisjonar for å leggje til rette utdanningane slik at flest mogeleg for tilgang til dei. Den vanlege måten å gjere det på har vore med desentraliserte deltidstilbod. Etter kvart er fleire av desse vidareutvikla med nettbasert undervisningsstøtte. Høgskulen har siste åra hatt eit eige utviklingsprosjekt som både har omfatta digital støtte for undervisning og eksamen. Vi har ambisjonar om å gå vidare med dette.

Talet på fleksible studietilbod og studenttal på desse tilboda er høgt og vi har som ambisjon om å vidareføre tilbodet på dette nivået.

3.2.3 Tiltak

1. Etablere fleire fleksible/nettbaserte utdanningstilbod med sikte på å nå nye grupper av utdanningssøkjande.
2. Utvikle digital kompetanse i høgskulen med gode opplæringstilbod
3. Stimulere tilsette til å initiere utviklingsprosjekt
4. Møte studentar sine forventningar til fleksible undervisningstilbod

Sektormål 4

Effektiv, mangfaldig og solid høgare utdanningssektor og forskningssystem

4.1 Verksemdsmål

Høgskulen skal ha høg kvalitet i økonomiforvaltninga

4.1.1 Styringsparametrar

| Kvantitative styringsparametrar (KD) | Resultat (tal i 1000) | | | Ambisjon |
|--|-----------------------|--------|-------|----------|
| | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
| Likviditetsgrad (omløpsmidlar/kortsiktig gjeld) | 2,3 | 2,2 | 2,1 | 2,0 |
| Endring avsettingar (tilgang/avgang i avsettingar) | -19 579 | -1 046 | 7 468 | -10 000 |

Kvalitative styringsparametrar:

- **Høgskulen skal ha langsiktig økonomisk planlegging, god økonomistyring og god kontroll på utgiftene.**
- **God gjennomføring av budsjettet innanfor eit avvik på 2-3 % av tildelt ramme ved einingane.**
- **Ingen merknader frå Riksrevisjonen.**

Langsiktige økonomiske prognosar skal støtte opp under institusjonen sine mål og strategiar. Langtidsprognosane skal vise trendar og gje ei vurdering av nivået på avsettingane sett i samanheng med institusjonen sine mål og strategiar.

4.1.2 Analyse

For å kunne ha høg kvalitet i økonomiforvaltninga er høgskulen avhengig av ein kvalifisert og kompetent administrasjon. Det vil i 2015 bli tilsett ein ny prosjektrådgjevar som skal ha fokus på økonomistyring av større eksternfinansierte prosjekt, i tillegg til rådgjeving til avdelingar ved søknader om eksterne midlar. Dette inneber blant anna betre budsjettering, kvalitetssikring av søknader og arbeid med kontraktar.

Vi vil ha fokus på høg kvalitet i arbeidet og gode interne prosedyrar.

Vi vil arbeide vidare med tredje byggesteg. Mål på likviditetsgrad for 2015 er sett til 2,0. Vi vil også ha fokus på å redusere avsettingane noko.

Høgskulen har lite økonomisk slakk for å kunne handtere endringar i driftsnivået og studieproduksjonen. Det er viktig å ha informasjonsrutinar som sikrar at endringar som påverkar styringsparametrane, blir fanga opp tidleg slik at det er mogleg å gjere tilpassingar.

4.1.3 Tiltak

Vi skal:

- samordne økonomistyringa på dei ulike einingane
- yte opplæring og service til leiarar med budsjettansvar
- vidareutvikle budsjettmodellen og den interne ressursfordelingsmodellen
- samordne og forbetre støttesystema i økonomisk planlegging og aktivitetsplanlegging
- ha fokus på god internkontroll
- utvikle gode rutinar og oppfølging knytt til bidrags- og oppdragsprosjekta ved tilsetning av ein ny prosjektrådgjevar

4.2 Verksemdsmål

HiSF skal vere ein attraktiv og lærande organisasjon prega av kvalitetsutvikling og omstillingsevne

4.2.1 Analyse

HiSF skal vere ein moderne organisasjon som er tilpassa behova i samfunnet og regionen. Vi skal vere ein attraktiv høgskule for studentar og tilsette, og vere kjenneteikna av å halde god kvalitet i alle ledd i verksemda.

HiSF skal vere ein høgskule med sterke og gode fagmiljø som har kompetanse og evne til å utvikle høgskulen til ein robust og framtidsretta organisasjon. For å få dette til er det avgjerande å ha god leiding, aktiv deltaking, godt arbeidsmiljø og omstillingsevne.

4.2.2 Tiltak

- utvikle og styrke samarbeidet med institusjonane innanfor UH-nett Vest
- styrke og vidareutvikle eit godt arbeidsmiljø i samarbeid med dei tilsette sine organisasjonar
- vidareutvikle krise- og beredskapsplanverket og gjennomføre ROS-analyse

4.3 Verksemdsmål

HiSF skal rekruttere og drive målretta kompetansebygging som sikrar eit høgt kompetansenivå, god kvalitet og profesjonalitet i alle delar av verksemda. Gjennom ein aktiv personalpolitikk skal vi styrke eit helsefremjande arbeidsmiljø, likeverd og likestilling

4.3.1 Styringsparametrar

| Styringsparametrar | Resultat | | | | Målsetjing |
|--|----------|------|------|------|------------|
| | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
| Prosentdel førstestillingar | 35,7 | 36,4 | 37,8 | 34,6 | 40 |
| Del kvinner i dosent- og professorstillingar | 25 | 28,5 | 28,5 | 32 | 35 |
| Del kvinner i stipendiatstillingar | 53 | 55,3 | 75,5 | 81 | - |
| Del kvinner i førstestillingar | 24,7 | 27,5 | 37,8 | 35,2 | 40 |
| Forholdstal faglege og adm. årsverk | 2,7 | 2,6 | 2,6 | 2,6 | 2,3 |
| Del mellombelse stillingar ekskl. åremål og stipendiatar | 16,5 | 16,3 | 17,7 | 18 | 13 |
| Sjukefråvær i % | 5,4 | 5,9 | 4,7 | 4,3 | 4,2 |

4.3.2 Analyse

Vi vil at HiSF skal vere ein attraktiv arbeidsplass for folk med høg kompetanse, både i fagleg og administrative stillingar. Rekruttering til undervisnings- og forskarstillingar ser vi som særskilt viktig, og HiSF vil halde fram arbeidet med å auke tal tilsette som har førstekompetanse. Dette kan gjerast både i form av kvalifisering av eigne tilsette og gjennom ekstern rekruttering. Vi har fleire planar som tek høgde for dette, som strategiplanen og handlingplan for fou. HiSF sin handlingplan for likestilling og likeverd har mellom anna som mål å auke tal kvinner med akademisk toppkompetanse.

HiSF ligg høgt når det gjeld mellombelse stillingar samanlikna med dei andre statlege høgskulane. Vi har utarbeidd ein handlingplan for reduksjon av mellombelse tilsettingar i HiSF. Dette inneber opparbeiding av god kunnskap om bruk av mellombelse tilsettingar, og styrka dokumentasjon i tilsettingssakene. Framover vil det i større grad bli sett krav om at det vert gjort grundige vurderingar i retning av at stillingar kan lysast ut fast.

Solide fagmiljø

Med solide fagmiljø meiner vi fagmiljø som er i stand til å ta vare på fagkompetansen innanfor utdanning, forskning og formidling over tid, som utviklar utdanningane i kontakt med arbeidslivet, som har faglege nettverk nasjonalt og internasjonalt, som har forskning som byggjer opp under utdanningane, og som har evne til å skaffe eksterne forskingsmidlar.

Leiaropplæring

Vi har mange åremålstilsette leiarar som avsluttar sin åremålsperiode 31.07.15. Det inneber at vi må planlegge og ha på plass innhald og opplegg for eit opplæringsprogram for leiarane i komande år, og starte opp programmet hausten 2015. Det er lagt vekt på at HiSF skal vere ein lærande organisasjon som er kjenneteikna av godt arbeidsmiljø med evne til kunnskapsutvikling og problemløysing under skiftande vilkår, der mangfald, likestilling og likeverd er sentrale verdiar. Høgskulen skal ha eit inkluderande arbeids- og læringsmiljø som er kjenneteikna av respekt og openheit.

4.3.3 Tiltak

1. Betre vilkår for forskning i førstestillingar
2. Auke talet eigenfinansierte doktorgradsstipendiatar
3. Få fleire professorkvalifiseringsstipend og førstelektorkvalifiseringsstipend
4. Utvikle kompetanseplanar som byggjer opp under høgskulen sine strategiar innan utdanning, forskning og administrativ kvalitet.
5. Gjennomføre rekrutteringstiltak i tråd med handlingsplanen for likeverd og likestilling
6. Utgreie og innføre eit elektronisk arbeidsplanverktøy
7. Utvikle leiarutviklingsprogram retta mot leiarar med personalansvar
8. Gjennomføre tiltak i handlingplan for reduksjon av mellombelse stillingar

4.4 Plan for tildelt løyving

Budsjettet for 2015, med ei total kostnadsramme på 363 mill. kroner, er utforma for å gjennomføre høgskulen sine strategiar for utdanning, fou og formidling.

HiSF har dei seinare åra hatt god studiepoengproduksjon, som har gjeve god auke i inntekter frå Kunnskapsdepartementet. Dette gjev rom for eit stabilt driftsnivå, samstundes som ein har funne rom for signaliserte ynskje over fleire år.

Budsjettet for 2015 blir disponert med eit mindreforbruk på kr 0,26 mill. Driftsnivået i budsjettet er venta å vere om lag i balanse når det gjeld forventa inntekter. Kva som skjer i 2016, er meir usikkert, spesielt med tanke på ny finansieringsmodell for sektoren, men med tilsvarende studiepoengproduksjon som vi ventar i 2015, vil vi kunne ha eit overskot på kr 2,2 mill. Dette er usikre tal som er svært avhengige av studiepoengproduksjon og tildelinga frå departementet.

Rekneskapan for 2014 viser eit akkumulert mindreforbruk på 6,6 mill kroner, dette skal fylgjeleg disponerast i samsvar med styrevedtaket:

| | Overskot | Disponering |
|----------------------------|--------------|--------------|
| Akkumulert overskot | 6 570 | |
| Overførast iht styrevedtak | | 6 514 |
| Overført til fagavdelingar | | 1 156 |
| Overført bibliotek | | -82 |
| Overført IT | | -1 261 |
| Overført FoU | | 243 |
| Sum | 6 570 | 6 570 |

Budsjett og prognose 2015 – 2018

| tal i tusen kr | Budsjettprognose | | | |
|--|------------------|-----------------|-----------------|-----------------|
| | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
| Basisløyving frå KD | 256 029 | 258 314 | 258 314 | 258 314 |
| Studiepoengproduksjonløyving frå KD | 106 631 | 106 700 | 106 700 | 106 700 |
| Andre driftsinntekter | 960 | 1 000 | 1 000 | 1 000 |
| Løns- og prisvekst | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Driftsinntekter | 363 620 | 366 014 | 366 014 | 366 014 |
| Lønnskostnader | -225 903 | -226 554 | -226 554 | -226 554 |
| Investeringar | -6 046 | -6 100 | -6 100 | -6 100 |
| Husleige | -62 583 | -62 600 | -64 300 | -68 600 |
| Energikostnader | -5 411 | -5 500 | -5 500 | -5 500 |
| Andre driftskostnader | -54 770 | -54 800 | -54 800 | -54 800 |
| Strategiske midler | -7 850 | -9 000 | -9 000 | -9 000 |
| Driftskostnader | -362 564 | -364 554 | -366 254 | -370 554 |
| Avsetnad bygg | -3 000 | -3 000 | -1 300 | 0 |
| Dekningsbidrag frå prosjektverksemd | 4 700 | 4 700 | 4 700 | 4 700 |
| Eigenfinansiering til prosjekt | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Forskotterte studiepoeng inntekter HiSFO | -2 499 | -1 000 | 0 | 0 |
| Disponeringar / avsetningar | -799 | 700 | 3 400 | 4 700 |
| Årets mindre-/meirforbruk | 257 | 2 160 | 3 160 | 160 |
| Samla mindre-/meirforbruk | 257 | 2 417 | 5 578 | 5 738 |

B: Utdanningskapasitet

| Utdanningsinstitusjon: Høgskulen i Sogn og Fjordane | | | | | |
|---|--|---|--|---|------------|
| Overordnede spørsmål, jf. plandelen av årsrapport 2014. Spørsmålene besvares kort. | | | | | |
| 1. Hvor mange studieplasser kan institusjonen øke med høsten 2015, gitt 60/40 finansiering fra departementet, men innenfor dagens øvrige rammebetingelser og infrastruktur? | | | | | |
| Svar spørsmål 1: 10 | | | | | |
| 2. Hvilke begrensede faktorer står institusjonen særlig overfor som hindrer vekst (kan spesifiseres på utdanningsprogram ved behov)? | | | | | |
| Svar spørsmål 2: Samla vurdering av studenttal opp mot ressursar. | | | | | |
| 3. Er det særskilte studieprogram som institusjonen ønsker å prioritere spesielt av strategiske årsaker eller for å rendyrke en faglig profil? | | | | | |
| Svar spørsmål 3: HiSF ynskjer å styrke den faglege profilen innan fysisk aktivitet og helse, og har i år høve til å auke | | | | | |
| 4. Er det særskilte studieprogrammer som institusjonen ønsker å bygge ned eller avvikle av samme årsaker? | | | | | |
| Svar spørsmål 4: Nei | | | | | |
| Utdanningsområder | Utdanninger | Opptak høst 2014 (antall studieplasser) | Planlagt opptak høst 2015 (antall studieplasser) | Muligheter for økning i opptakskapasitet høst 2015? | Ca. antall |
| Helse- og sosialfag | Samlet | 0 | 0 | 0 | 0 |
| <i>hvorav:</i> | Medisin | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | Odontologi | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | Psykologi | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | Farmasi | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | Barnevernpedagog | 40 | 40 | 0 | 0 |
| | Biingeniør | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | Ergoterapeut | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | Ernæring | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | Audiograf | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | Fysioterapi | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | Radiograf | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | Reseptar | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | Sosionom | 45 | 45 | 0 | 0 |
| | Sykepleier | 76 | 105 | 0 | 0 |
| | Vernepleier | 30 | 30 | 0 | 0 |
| | Døvetolk | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | Tannpleier | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | Tanntekniker | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | ABIOK | 18 | 22 | 0 | 0 |
| | Helsesøster | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | Jordmor | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | Eldreomsorg | 30 | 30 | 0 | 0 |
| | Master | 30 | 0 | 0 | 0 |
| | <i>(spesifiser studietilbud ved behov)</i> | | | | |
| Lærerutdanning | Samlet | 0 | 0 | 0 | 0 |
| <i>hvorav:</i> | Integrert femårig lærerutdanning | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | Grunnskolelærer - steg 1-7 | 50 | 30 | 0 | 0 |
| | Grunnskolelærer - steg 5-10 | 40 | 40 | 0 | 0 |
| | Praktisk-pedagogisk utdanning | 100 | 40 | 0 | 0 |
| | Treårig faglærerutdanning | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | Førskolelærerutdanning | 30 | 68 | 0 | 0 |
| | Yrkesfaglærerutdanning | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | Toårig masterutdanning | 15 | 15 | 0 | 0 |
| | Ettårig barnehagepedagogikk | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | <i>(spesifiser studietilbud ved behov)</i> | | | | |
| Realfag og teknologiske fag | Samlet | 0 | 0 | 0 | 0 |
| <i>hvorav:</i> | <i>(spesifiser studietilbud ved behov)</i> | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | Geologi og geofare | 25 | 25 | | |
| | Ingeniør, elektro | 25 | 25 | | |
| | Ingeniør, elkraft | 20 | 20 | | |
| Andre fag | Samlet | 0 | 0 | 0 | 0 |
| <i>hvorav:</i> | <i>(spesifiser studietilbud ved behov)</i> | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | Idrett og friluftsliv | 100 | 100 | 10 | 10 |

C: Større investeringsprosjekt

Avtalen med Sogn og Fjordane fylkeskommune om kjøp av Gymnasbygget vart underteikna i oktober. Det betyr at HiSF er i gang med tredje byggjesteget i Sogndal. Partane vart samde om ein pris på 36 millionar kroner. Statsbygg overtek etter planen eigedommen i august 2017, og høgskulen kan tidlegast flytte inn då. Det er venta at innflytting kan skje i august 2018.

Fosshaugane Campus omfattar i dag Fosshbygget, Høgskulebygget, Guridalsbygget og Guristova. I tillegg leiger HiSF areal av Sogndal Fotball i Sognahallen, Stadionbygget og Svingen. Det samla arealet til høgskulen er planlagt til å vere om lag 22.000 kvadratmeter. Ved ei overtaking av Gymnasbygget, vil HiSF flytte ut av Svingen. Det er også aktuelt å flytte ut av Guridalsbygget og Guristova.

Statsbygg har vurdert den tekniske kvaliteten til Gymnasbygget, og har funne at det ikkje er synlege feil på dei berande konstruksjonane. Men mykje må gjerast når det gjeld isolasjon av tak og veggjar, og fornying av ventilasjonsanlegget.

Bygget skal nyttast til undervisningsrom og kontor. Dermed fullfører vi tanken om å samle alle aktivitetane til høgskulen på Fosshaugane Campus. Gymnasbygget ligg plassert midt i campus-området, og husar i dag allmennfagselevane ved Sogndal vidaregåande skule. Desse skal etter planen flytte inn i eit nytt bygg, og samlokaliseras med yrkesfagutdanningane ved skulen. I dag blir området utanfor 5. etasje i Høgskulebygget mykje brukt som vringleareal, og med kjøpet av Gymnasbygget, vil moglegheitane for gode og levande uteplassar bli endå større.

Inkludert ombygging er dette prosjektet kostnadsrekna til ein stad mellom 106 og 141 mill. kroner. Ombygginga er kalkulert med ei uvisse på 25 %. KD har gitt ei løyving på 3 mill. over statsbudsjettet til dette formålet. Samstundes med overtaking av nye lokale vil gammal byggmasse bli fråflytta, og husleigemidlar frigjorde.

I desember vedtok styret ved HiSF å gå inn med 6,5 millionar som eit tilskot for å realisere prosjektet med utbygging av studentbustader og parkeringsplassar i Nedrehagen. Nedrehagen er i dag parkeringsplass, og ligg rett over elva frå Høgskulebygget. SISOF har jobba det siste året med å få til eit nytt studentbygg med 150 nye bustader og 180 parkeringsplassar i to plan. Kapasitetsauken på parkeringsplassar vil kome tilsette og studentar ved høgskulen til gode.

VI Årsrekneskap

A: Leiarkommentarar til rekneskapen pr. 31.12 2014

Institusjonen sitt føremål

Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF) er lokalisert i Sogndal og Førde og har eit studiesenter for deltidsstudium på Sandane.

Høgskulen har eit breitt fagleg spekter og ca. 3.900 studentar og 330 tilsette. HiSF skal tilby å drive høgare utdanning og forskning av høg fagleg kvalitet. Vi skal og sørge for å spreie og formidle resultatane frå den faglege verksemda. Høgskulen ser det som eit særleg ansvar å medverke til kunnskapsutvikling og kompetanseheving i Sogn og Fjordane.

Høgskulen sine kjerneverdier er: «Kompetent, aktiv og tett på». Verdiane uttrykkjer det vi står for. "Sikt høgare" er visjonen, som viser at høgskulen har store ambisjonar og siktar mot å verte betre på alle felt. Særleg skal utdannings- og forskingskvaliteten styrkast. Vi skal ha ein velfungerande organisasjon med høg kompetanse.

HiSF si hovudoppgåve er å utdanne studentar som lukkast og å utvikle forskning som kan medverke til endringar i samfunnet.

Stadfesting på at rekneskapen er avlagt i samsvar med reglane

Rekneskapen pr 31.12.14 gjev eit dekkande bilete og er avlagt i samsvar med reglane om økonomistyring i staten og i samsvar med reglane i dei statlege rekneskapsstandardane, rundskriv frå Finansdepartementet og krav frå overordna departement.

Vurdering av institusjonen si drift i perioden

Aktiviteten på utdanning i 2014 er ei vidareføring av allereie oppstarta studium. Rekrutteringa i 2014 har vore god, og det samla studenttalet ved høgskulen har aldri vore høgare. HiSF har høg studiepoengproduksjon, noko som vil gje auka inntekter og i framtida.

Når det gjeld drifta leverer høgskulen eit resultat som er om lag på budsjett (underskot kr 0,8 millionar mot budsjett som viste eit underskot på kr 1,5 millionar). Styret vedtok i desember å gå inn med kr 6,5 millionar. til utbygging av studentbustader i Nedrehagen i regi av SISOF. Dette tilskotet er finansiert dels over drift og dels med husleigemidlar som høgskulen fekk knytt til overtaking av Gymnasbygget (kr 5,5 millionar). Den årleg auken i midlar knytt til overtakinga av Gymnasbygget utgjer kr 3 millionar.


I tillegg er undervisningslokala i Førde oppgraderte for ca kr 1 millionar. Det er investert i IT utstyr (smartboard, berbare PC'ar etc) for ca kr 3 millionar og inventar for ca kr 2 millionar.

Drifta i perioden har elles gått som planlagd.


Vesentlege avvik mellom periodisert resultatbudsjett og resultatrekneskap

Totalt for 2014 er løyvinga frå KD kr 340 millionar. Samanliknar vi med løyvinga for 2013 er det ein auke i løyvinga for 2014 på 25 millionar. Denne auken skuldast pris- og lønsjustering kr 11 millionar og konsekvensjusteringar som følgje av nye studieplassar. I tillegg har vi hatt ein auke i resultatbasert utdanningsinsentiv og ein auke i omfordeling av FoU- insentiv på kr 7,2 millionar i 2014. Grafen under viser utviklinga i inntektene dei seinare åra:

Inntekter



Driftskostnader



Lønnskostnadane er den største utgiftsposten ved HiSF. Av samla driftskostnader utgjer lønnskostnadane 60 % i 2014, noko som er ein prosentvis nedgang samanlikna med 2013 og 2012. I kroner har vi hatt ein auke i lønnskostnadane på kr 19,2 millionar. i høve til fjoråret. Auken i lønnskostnadane kan forklarast med auke i tal årsverk og lønsvekst.

Andre driftskostnader utgjer 37 % av totale driftskostnader i 2014, og er ein auke i høve til 2013 og 2012. Auken i høve til 2013 er på kr 19,6 millionar. Dette skuldast hovudsakeleg tilskot til SISOF knytt til bygging av studentbustader (kr 6,5 millionar), i tillegg til generell prisstiging.

Avskrivningane er 4 % av driftskostnader i 2014, noko som er på tilsvarande nivå som for 2013.

Resultat av oppdragsfinansiert verksemd i 2014 er kr 232.000 mot kr 505.000 for 2013. Inntektene frå oppdragsfinansiert verksemd har auka med ca kr 10 millionar samanlikna med fjoråret. Av denne auken gjeld kr 2 millionar midlar til etter og vidareutdanning for lærarar.

Totalbalansen har auka med kr 12 millionar. Endringa relaterer seg til auke i likvidar (kr 19 millionar), i tillegg til netto reduksjon i driftsmidlar som følgje av at årlege avskrivningar overstig årets investeringar.

For gjeld og eigenkapital er det kortsiktig gjeld som har auka. Denne auken relaterer seg hovudsakeleg til pådregne ikkje betalte kostnader knytt til tilskotet til SISOF for utbygginga av studentbustadane, i tillegg til avsetning for generelt pådregne ikkje betalte kostnader pr 31.12.14. Avsetning løyvingsfinansiert aktivitet er auka med ca kr 7 millionar i høve fjoråret.

Verksemdskapitalen er auka med om lag kr 0,2 millionar og dette svarer til resultatet frå oppdragsverksemda.

Gjennomførte investeringar i perioden og planlagde investeringar i seinare periodar

HiSF arbeider for å kunne ha ein god og effektiv infrastruktur med samla aktivitet på Fosshaugane Campus. Vi flytta inn i Høgskulebygget sommaren 2012.

Fosshaugane Campus omfattar i dag Fosshbygget, Høgskulebygget, Guridalsbygget og Guristova. I tillegg leiger HiSF areal av Sogndal Fotball i Sognahallen, Stadionbygget og Svingen. Ved ei overtaking av Gymnasbygget, vil HiSF flytte ut av Svingen. Det er og aktuelt å flytte ut av Guridalsbygget og Guristova.

Avtalen med Sogn og Fjordane Fylkeskommune om kjøp av Gymnasbygget vart underteikna i oktober, og det betyr at HiSF er i gang med tredje byggjesteget i Sogndal. Partane vart samde om ein pris på 36 millionar. Statsbygg overtek etter planen eigeiendomen i august 2017 (Statsbygg har overteke bygget og Sogn og Fjordane fylkeskommune betalar no leige til Statsbygg for Gymnasbygget). Det er venta at innflytting i Gymnasbygget kan skje i august 2018.

Statsbygg har vurdert den tekniske kvaliteten til Gymnasbygget, og har funne at det ikkje er synlege feil på dei berande konstruksjonane. Men mykje må gjerast i forhold til isolasjon av tak og veggjar, og fornying av ventilasjonsanlegget.

Inkludert ombygging, er dette prosjektet kostnadsrekna til ein stad mellom kr 106 og kr 141 millionar. Ombygginga er kalkulert med ei uvisse på 25 %. KD har gitt ei løyving på 3 millionar over Statsbudsjettet til dette formålet. Det vil vere ein nøktern standard som blir lagt til grunn, og høgskulen vil ha fokus på god kostnadskontroll. Samstundes med overtaking av nye lokale vil gamal byggmasse bli fråflytta, og husleigemidlar frigjorde.

Bygget skal nyttast til undervisningsrom og kontor og alle aktivitetane til høgskulen blir samla på Fosshaugane Campus. Gymnasbygget ligg plassert midt i campus-området. I dag blir området utanfor 5. etasje i Høgskulebygget mykje brukt som vrimeleareal. Når vi overtek Gymnasbygget vil moglegheitene for gode og levande uteplassar bli endå større.

I desember vedtok styret ved HiSF å gå inn med kr 6,5 millionar som eit tilskot for å realisere prosjektet med utbygging av studentbustader i Nedrehagen. Nedrehagen er i dag parkeringsplass, og ligg rett over elva frå Høgskulebygget. SISOF har jobba det siste året med å få til eit nytt studentbygg med 150 nye bustader og 180 parkeringsplassar i to plan. Kapasitetsauken på parkeringsplassar vil kome tilsette og studentar ved høgskulen til gode.

Campus Førde har fortsatt behov for større undervisningslokale. Ein har i perioden gjort tilpassingar av eksisterande lokale for å nytte arealet best mogleg, samstundes som ein ser på moglegheitene for å utvide arealet.

Investeringar i perioden 31.12.14 til 31.12.13 utgjer totalt ca 5,2 millionar og relaterer seg hovudsakeleg til investeringar i inventar og IKT-utstyr.

Utvikling i avsett del av tilskot til løyvingfinansiert verksemd

Avsett del av løyvingfinansiert verksemd frå KD er ved utgangen av 2014 kr 63 millionar. Av dette utgjer rest utstyrløyvinga kr 14 millionar. Frå driftsbudsjettet 2012 blei det avsett kr 4,7 millionar. til AV/IT utstyr 3. byggesteget.

Ser vi på resterande avsetnadar frå KD er desse auka med kr 7 millionar. Auken i avsetnadane relaterer seg hovudsakeleg til auke i prosjektmidlar knytt til kompetanseheving (kr 6 millionar). Ikkje inntektsført løyving og bidrag har ein reduksjon i avsetnaden ved utgangen av 2014 på nesten kr 2 millionar.

Vesentlege avvik mellom resultatbudsjett og resultatrekneskap

Vi får avvik når vi samanliknar resultatrekneskapen med budsjetterte inntekter og kostnader. Dette skuldast at vi berre budsjetterer den ordinære drifta. Budsjetterte inntekter består av løyving frå KD og dekningsbidrag frå oppdrags- og bidragsverksemda, i tillegg til nokre andre mindre inntektspostar. Inntekter og kostnader i samband med oppdrags- og bidragsverksemda blir budsjettert og følgt opp på kvart enkelt prosjekt. Ved samanstilling av rekneskapen i budsjetterrapporten til KD er totale inntekter og kostnader frå ordinær drift og frå oppdrags- og bidragsverksemda slått saman, medan budsjettet berre inneheldt ordinær drift og dekningsbidrag frå oppdrags- og bidragsverksemda.

I høve til budsjettert kostnadsramme syner den ordinære drifta for 2014 eit meirforbruk på kr 0,8 millionar. Dette utgjer under 1 % av budsjett og ligg godt innanfor normal uvisse. Når ein tek med mindreforbruk for 2013 på kr 7,4 millionar så er det samla mindreforbruket kr 6,6 millionar. Marginane er små, og det er det viktig å ha ei tett økonomisk oppfølging gjennom heile året.

| Budeining | Rekneskap pr desember 2014 | Kostnadsbudsjett pr desember 2014 | Totalt overskot pr desember 2014 | Over-/underskot frå 2013 | Over-/underskot 2014 |
|--------------------|----------------------------|-----------------------------------|----------------------------------|--------------------------|----------------------|
| AHF | 37 048 | 37 331 | 283 | 196 | 87 |
| AIN | 19 960 | 21 716 | 1 756 | 400 | 1 356 |
| ALI | 63 942 | 65 057 | 1 115 | -173 | 1 288 |
| ASF | 46 704 | 44 706 | -1 998 | 230 | -2 228 |
| Fagavd | 167 654 | 168 810 | 1 156 | 653 | 503 |
| Fellestener | 148 518 | 153 653 | 5 135 | 6 707 | -1 572 |
| HiSF Oppdrag | 1 643 | 1 921 | 278 | 0 | 278 |
| Totalt HiSF | 317 815 | 324 384 | 6 569 | 7 360 | -791 |

Tal i tusen kr

Forklaring på tabellen over:

Over-/underskot pr des 2014, inneheldt meir-/mindreforbruk for 2014.

Over-/underskot frå 2013, overført meir-/mindreforbruk frå 2013 etter styre sitt vedtak om disponering av overskot.

Totalt overskot pr des. 2014, er totalt meir-/mindreforbruk for avdelingane som inkluderer meir-/mindreforbruk frå 2013.

Gjennomføring av budsjettet for 2014 med vekt på prioriterte oppgåver

I 2014 er det budsjettert med eit stabilt aktivitetsnivå. Høgskulen har gode søkjartal. Kompensasjon for auke i studenttal har vore prioritert i budsjettet. Vi kan auke studenttalet meir dersom vi blir tilført nye studieplassar.

I budsjettet for 2014 vart FoU-løyvinga auka med kr 2,1 millionar i høve til budsjettet for 2013. I denne auken ligg det kr 0,3 millionar til eit femte strategisk forskingsprogram vedteke av styret, og kr 1,9 millionar til fullfinansiering av FoU-stipenda. Utfyllande kommentarar til gjennomføringa av oppgåver i høve tildelingsbrevet vil bli gjeve i Årsrapporten for 2014.

Trender og utvikling i inntekter og sentrale kostnader

Med bakgrunn i den store auken i aktivitetsnivå og studenttal dei siste åra, er det framover ikkje lagt opp til vesentleg auke i opptakstala innanfor noverande budsjetterrammer og tal tilsette.

Ordinær drift

| tal i tusen kr | Budsjettprogno | | | | |
|----------------------------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|
| | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
| Driftsinntekter | 341 191 | 363 620 | 366 014 | 366 014 | 366 014 |
| Lønnskostnader | -208 959 | -225 903 | -226 554 | -226 554 | -226 554 |
| Investeringar | -5 373 | -6 046 | -6 100 | -6 100 | -6 100 |
| Andre driftskostnader | -127 871 | -130 615 | -131 900 | -133 600 | -137 900 |
| Driftskostnader | -342 203 | -362 564 | -364 554 | -366 254 | -370 554 |
| Disponeringar / avsetningar | -510 | -799 | 700 | 3 400 | 4 700 |
| Årets mindre-/meirforbruk | -1 522 | 257 | 2 160 | 3 160 | 160 |
| Samla mindre-/meirforbruk | -1 522 | -1 265 | 895 | 4 055 | 4 214 |

I budsjettet for 2014 har vi budsjettert med eit meirforbruk i høve til budsjetterte inntekter. Rekneskapan for 2014 er avslutta med ein meirforbruk i høve budsjettet på kr 0,8 millionar mot budsjett på kr 1,5 millionar.

Gjennomgangen av rekneskapan for 2014 viser at høgskulen sin økonomi er under kontroll, men vi har små marginar og må halde fram og følgje opp kritiske budsjettpostar.

Opplysing om institusjonen sin revisor

HiSF er revidert av Riksrevisjonen.

Eigenerklæring styring og kontroll

Styret i HiSF er ansvarleg for at høgskulen har hensiktsmessige system for risikostyring og intern kontroll. Det er styret sitt ansvar å:

